ÅMLI KOMMUNE

- BYGDA FOR ALLE



Handlingsprogram og økonomiplan 2027-2030
Årsbudsjett 2027

Kommunedirektøren sitt framlegg

INNHALD:

1 Kommunedirektøren sin innleiing 3

2 Økonomiske føresetnader for økonomiplanen med nøkkeltall 4

Inntektssystemet 4
Eigedomsskatt 10
Driftsinntekter 10
Driftsutgifter 11
Fond 12
Netto driftsrammer fordelt på avdelingane 12
Lånegjeld og investeringar 12
Løns- og prisføresetnader 14
Bevilgningsoversikt drift etter forskriftenes § 5-4 15
Hovedoversikt skjema 1B – bevilgning pr. eining etter §5-4: 16
Bevilgningsoversikt investering etter forskriftens § 5-5 17
Hovedoversikt skjema 2B – investering: 18
Økonomisk oversikt drift – forskriftenes § 5-6 21

3 Investeringsbudsjett 22

Investeringsbudsjettet 2027-2030 22

4 Tiltak i handlingsprogrammet 36

Kommentarar til tiltaka 38

5 Tenesteområde 44

5.1 Skule og SFO 44
5.2 Barnehage 44
5.3 Flyktning 45
5.4 Sosialt førebyggjande arbeid 45
5.5 Helse 48
5.6 Omsorg 50
5.7 Infrastruktur 52
5.8 Prosjekt 52
5.9 Vatn og avlaup 53
5.10 Reinhald 53
5.11 Kommunale bygg 54
5.12 Plan- og byggesak 54
5.13 Jordbruk 55
5.14 Skogbruk 55
5.15 Viltforvaltning 56
5.16 Næring og utvikling 56
5.17 Reiseliv 57
5.18 Kultur 57
5.19 Åmli bibliotek 58
5.20 Beredskap 59
5.21 Vannområde 59

Forsidefoto: Riisland. Fotograf: Inger Jeanette Retterholt

1 Kommunedirektøren sin innleiing

Åmli kommune går inn i handlingsprogram- og økonomiplanperioden 2027–2030 med eit tydeleg behov for prioriteringar, omstilling og langsiktig økonomisk styring. Kommunen har over tid hatt kontroll på økonomien, men rammevilkåra er i endring. Auka kostnader, mellom anna knytt til løn, pensjon og tenestebehov, gjer at kommunen må tilpasse drifta til eit strammare økonomisk handlingsrom.

Samtidig står Åmli, som mange andre kommunar, overfor viktige demografiske endringar. Fleire eldre, lågare fødselstal og endringar i befolkningssamansetninga påverkar både inntektsgrunnlaget og behovet for kommunale tenester. Særleg vil behovet innan helse og omsorg auke. Endringar i inntektssystemet for kommunane bidreg også til at vi må sjå nærare på korleis ressursane våre blir nytta.

Dette utfordrar oss til å tenkje langsiktig og finne nye måtar å løyse oppgåvene på. Vi kan ikkje rekne med at framtidige tenester kan organiserast på same måte som i dag. Skal kommunen ha ein berekraftig økonomi og samtidig levere gode tenester, må ressursane i større grad rettast mot dei områda der behova er størst.

I perioden framover vil det derfor vere nødvendig å:

- gjennomføre strukturelle endringar i organisasjonen og tenestetilbodet
- vurdere bemanning, organisering og tenestenivå på tvers av kommunen
- halde investeringane på eit nivå som avgrensar veksten i gjeld og belastninga på driftsøkonomien
- prioritere lovpålagde, grunnleggjande og samfunnskritiske tenester
- arbeide vidare med effektivisering og gode løysingar som kan frigjere ressursar til dei viktigaste oppgåvene

Omstilling vil krevje både tydelege prioriteringar og vilje til endring. Samtidig skal vi ta vare på kvaliteten i tenestene og vere ein attraktiv og ansvarleg arbeidsgivar. Dei tilsette er den viktigaste ressursen kommunen har, og samarbeid, involvering og god leiing blir avgjerande når vi skal utvikle tenestene vidare.

Kommunedirektøren sitt forslag til handlingsprogram, budsjett og økonomiplan 2027–2030 legg opp til ei nøktern og realistisk utvikling. Målet er å skape betre balanse mellom kommunen sine inntekter, utgifter og investeringar, samtidig som vi tek vare på tenestene innbyggjarane er avhengige av.

Åmli skal framleis vere ein god kommune å bu, leve og arbeide i. For å lukkast med det også i framtida må vi ta nødvendige grep i tide. Gjennom openheit, samarbeid og tydelege prioriteringar skal vi møte endringane på ein ansvarleg måte og sikre kommunen økonomisk berekraft og handlingsrom for åra som kjem.

Inge-Egil Hauge
Kommunedirektør

2 Økonomiske føresetnader for økonomiplanen med nøkkeltall

Inntektssystemet

Den enkelte kommune sine frie inntekter (rammetilskot og skatteinntekter) vert bestemt av ein forholdsvis innfløkt «matematisk» modell kalla inntektssystemet. Kostnadsnøklane vert oppdatert kvart år for å fange opp endringar i befolkningssamansetninga, levekår, reiseavstand og andre strukturelle forhold. Oppdateringa skjer på bakgrunn av dei siste tilgjengelege rekneskapstala.

Inntektssystemet inneheld følgjande komponentar;

Oversikt over frie inntekter i 1000 kr for Åmli kommune

		År 2027	År 2026	År 2025	År 2024
1	Innbyggjartilskot	66 254	61 194	56 740	53 220
2	Utgiftsutjamnande tilskot	46 788	45 845	44 819	49 070
3	INGAR/(Midlar i overgangsordningar)	-98	-76	-218	-130
4	Saker med særskilt fordeling	6 699	6 621	6 484	1 966
5	Småkommunetilskot / (Regionaltilskot)	7 299	7 032	6 794	5 221
6	Ordinære skjønnsmidlar				
7	Endringar saldert NB/RNB				
	Koronapandemi – løyvingar gjennom inntektssystemet				102
	Stortingets saldering statsbudsjett 2026 – auka rammetilskot 3,0 mrd. kroner		1 255		
	Stortingets saldering statsbudsjett 2026 - redusert styringstrykk		232		
	Stortingets saldering statsbudsjett 2026 - nedjustert skatteanslag kompensert med innb.tilskot		69		
	Saldering Stortinget 2025			411	
	Tilleggsnummer til statsbudsjettet (2025 og 2022), og nysaldering 2024		72	1 449	1 391
	Stortinget opprinneleg saldering budsjett 2018-2024				333
	RNB 2018-2025 (utanom koronapandemi) m.v.		26	2 538	-60
1 - 7	**Sum rammetilskot (eks. inntektsutjamning)**	**126 942**	**122 270**	**119 016**	**111 113**
8	Inntektsutjamning	12 016	11 166	11 892	11 418
1-8	**Sum rammetilskot**	**138 958**	**133 436**	**130 908**	**122 531**
	Rammetilskot - endring i %	**4,1**	**1,9**	**6,8**	**8,2**
9	**Skatt på formue og inntekt**	**68 869**	**65 215**	**59 490**	**53 921**
	Skatteinntekter - endring i %	**5,60**	**9,62**	**10,3**	**-5,4**
1-9	**Sum frie inntekter**	**207 800**	**198 700**	**190 398**	**176 452**
	Frie inntekter - endring i %	**4,6**	**4,4**	**7,9**	**3,6**

Forklaring til dei ulike komponentane i inntektssystemet:

1 Innbyggjartilskot

Dette vert regna ut ved å ta utgangspunkt i ein gitt sats pr. innbyggjar (som er like stort for landets kommunar) multiplisert med totalt antal innbyggarar i kommunen. For 2027 utgjer tilskotet kr 36 433 pr. innbyggjar. I 2026 utgjorde tilskotet kr 34 263 pr. innbyggjar. I 2025 utgjorde tilskotet kr 31 470 pr. innbyggjar.

2 Utgiftsutjamnande tilskot

Dette tilskotet skal sørge for at kommunane får same høve til å yte eit likeverdig tenestetilbod ved at "ufrivillige kostnadsforskjellar" i form av ulik alderssamansetning, busettingsmønster m.m. søkast utjamna. I sum for alle landets kommunar går ordninga i null, dvs. eit reint omfordelingssystem mellom landets kommunar. Åmli vert rekna for å være ein dyrare kommune å drive enn gjennomsnittskommunen, og får dermed tilskot. I 2024 vart Åmli berekna til å være 41,21 % dyrare å drive enn landsgjennomsnittet, i 2025 33,56 %, i 2026 31,35 % og i 2027 31,11 % dyrare å drive enn landsgjennomsnittet av kommunane.

3 INGAR/Midlar i overgangsordningar

Inntektsgarantitilskot (INGAR) skal skjerme kommunar mot plutseleg svikt i rammetilskotet frå eit år til det neste. Tilskotet er utforma slik at ingen kommunar skal ha ein vekst i berekna rammetilskot frå eit år til det neste som er lågare enn kr 400,- per innbyggar under berekna vekst på landsbasis. Tilskotet vert finansiert med eit likt trekk per innbyggar i alle landets kommunar. Endringar i skatteinntektene eller inntektsutjamninga vert ikkje omfatta av inntektsgarantitilskotet.
Ei overgangsordning vert etablert for eksempel når eit øyremerka tilskot vert overført til inntektssystemet og skal fordelast etter prinsippa og verdiane der. Midla går då inn i ei overgangsordning som varer i fem år, dvs. at midla først skal fordelast fullt ut etter kriteria i inntektssystemet etter at desse åra har gått.

4 Saker med særskilt fordeling

Ein viser her til Tabell C-K i "Grønt hefte".
I 2024 utgjorde beløpet kr 1 966 000 og fordelte seg med kr 333 000 i forbindelse med satsing helsestasjon og skulehelseteneste, kr 348 000 vedrørande kompensasjon ansvarsovertaking barnevern, grunnskuletilskot kr 1 082 000 og redusert maksimal foreldrebetaling barnehage kr 203 000. I 2025 utgjorde beløpet kr 6 484 000 og fordelte seg med 339 000 til helsestasjon og skulehelseteneste, kr 1 127 000 i grunnskuletilskot, 431 000 på foreldrebetaling barnehage sentralitetsklasse 5 og 6, kr 4 533 000 for tilbakeført ½ nedvekting PU og kr 54 000 for realvekst 2025 – nytt inntektssystem med særskilt fordeling. I 2026 utgjer beløpet kr 6 621 000 og fordeler seg med 340 000 til helsestasjon og skulehelseteneste, kr 1 166 000 i grunnskuletilskot, 398 000 på foreldrebetaling barnehage sentralitetsklasse 5 og 6, kr 4 661 000 for tilbakeført ½ nedvekting PU og kr 56 000 for realvekst 2025 – nytt inntektssystem med særskilt fordeling.
I 2027 utgjer beløpet kr 6 699 000 og fordeler seg med 375 000 til helsestasjon og skulehelseteneste, kr 1 211 000 i grunnskuletilskot, 397 000 på foreldrebetaling barnehage sentralitetsklasse 5 og 6, kr 4 659 000 for tilbakeført ½ nedvekting PU og kr 57 000 for realvekst 2025 – nytt inntektssystem med særskilt fordeling.

5 Distriktstilskot Sør Norge

Jfr. tabell 1-k i «Grønt hefte»
Tildeling av distriktstilskot Sør-Noreg tek utgangspunkt i distriktsindeksen, som eit uttrykk for graden av distriktsutfordringar i ein kommune. Indeksen bygger på indikatorar for sentralitet, reiseavstand, befolkningstettleik, befolkningsstruktur og –utvikling, status på arbeidsmarknaden og inntektsnivå.
Tilskotet blir tildelt dei kommunane i Sør-Noreg som:
- har under 3 200 innbyggjarar eller ein distriktsindeks mellom 0 og 58, og
- har hatt ei gjennomsnittleg skatteinntekt inkludert naturressursinntekter dei siste tre åra som er lågare enn 140 pst. av landsgjennomsnittet (målt pr innbyggjar).

Tilskotet vert rekna ut frå talet på innbyggjarar samt distriktsindeksen for 2027 som er 40 for Åmli.

6 Ordinære skjønnsmidlar

Desse midlane blir fordelte av Statsforvaltaren.
For 2022 var det berre ordinært skjønn då overgangsordninga som følgje av avgiftslette differensiert arbeidsgjevaravgift gjekk ut i 2019. Åmli fekk ikkje ordinære skjønsmidlar i 2025 og 2026 og får heller ikkje skjønsmidlar i 2027.

7 Endringar saldert NB/RNB

I nysalderinga av statsbudsjettet for 2024 blei det foreslått ei ekstra løyving på 4,3 mrd. kroner til kommunane frå og med 2024. Dette er det teke omsyn til i kommunedirektøren sitt framlegg til budsjett for 2027–2030.

8 Inntektsutjamning

Forutan ovannemnde, består inntektssystemet og rammeoverføringane av ein sentral del kalla inntektsutjamnande tilskot. Denne ordninga skal delvis utjamne skatteinntektsforskjellar mellom kommunar.
Ordninga inneber at også skatteinntektene må bereknast. Som grunnlag for berekninga har vi lagt inn gjennomsnittet av skatteinntektene dei tre siste åra som grunnlag i modellen. For landet som heilheit ventast det ein skattevekst på 5,1 % sett i forhold til anslag på rekneskap 2026.

9 Skatt på inntekt og formue

Kommunal del av skatt på inntekt og formue. I statsbudsjett for 2024 vart den sett til 10,95 % som maksimal sats og i 2025 sett til 12,75 %. I statsbudsjettet i 2026 11,35 % og i forslag til statsbudsjett 2027 13,40 %.
Aukinga i skattøyren har samanheng med at skatteinntektsandelen skal utgjere 40 % av dei samla inntektene for kommunane.
Endringane på kommunanes skatteinntekter i 2027 byggjer m.a. på sysselsetjingsvekst på 0,3 % og ein årslønsvekst på 4,0 %.
I årsbudsjettet for 2027 er det lagt til grunn at skatt på inntekt og formue blir skriven ut etter dei maksimalsatsane om Stortinget fastset.

Regjeringa sitt kommuneopplegg og forslag til frie inntekter for 2027

Regjeringa sitt forslag til statsbudsjett for 2027 vart lagt fram 7. oktober 2026. Forslaget gir kommunesektoren ein realvekst i frie inntekter på 3,2 mrd. kr, fordelt med 2,6 mrd. kr til kommunane og 0,6 mrd. kr til fylkeskommunane. Veksten blir rekna frå inntektsnivået etter Stortinget si handsaming av revidert nasjonalbudsjett (RNB) 2026. I kommuneproposisjonen vart det varsla ein realvekst for sektoren på 3,5–4,0 mrd. kr.

Demografikostnadene til kommunane som må dekkjast av frie inntekter, er rekna til 2,2 mrd. kr, ned frå 2,4 mrd. kr i kommuneproposisjonen. Realveksten gir dermed eit anslått handlingsrom etter demografikostnader på om lag 0,4 mrd. kr. Innanfor dette er 80 mill. kr grunngitt med opptrappingsplanen for psykisk helse.

Den kommunale deflatoren for 2027 er anslått til 3,8 prosent, inklusive meirkostnader til pensjon. Deflatoranslaget for 2026 er oppdatert til 4,0 prosent.

Skatteanslaget til kommunane for 2026 er nedjustert med om lag 2,5 mrd. kr sidan RNB. Det lågare samanlikningsgrunnlaget aukar den berekna veksten til 2027. Mot oppdatert, oppgåvekorrigert 2026-anslag aukar dei frie inntektene med 4,9 prosent nominelt og om lag 1,1 prosent reelt. Skatt på inntekt og formue aukar med 5,1 prosent og rammetilskotet med 4,7 prosent. Denne samanlikninga byggjer på eit anna inntektsnivå for 2026 enn realveksten rekna frå nivået etter RNB.

Den kommunale inntektsskattøyren for personlege skattytarar er foreslått auka frå 11,35 prosent i 2026 til 13,40 prosent i 2027. Auken må sjåast i samanheng med at avviklinga av skattetrekkskontoordninga gir mellombels høg skatteinngang i 2026. Skatteinntektene, inklusive eigedomsskatt, er føresette å utgjere om lag 40 prosent av dei samla inntektene til kommunesektoren.

Grønt hefte anslår dei frie inntektene til Åmli kommune til 207,128 mill. kr i 2027. KDD anslår ein oppgåvekorrigert nominell vekst frå oppdatert 2026-anslag på 8,673 mill. kr, eller 4,4 prosent. Rekna frå uavrunda veksttal og med ein deflator på 3,8 prosent svarar dette til ein realvekst på om lag 0,5 prosent, mot 1,1 prosent for kommunane samla.

Kommunedirektøren sitt budsjettforslag for 2027 - 2030

I kommunedirektøren sitt budsjettforslag for 2027 er frie inntekter (ordinær skatt og rammetilskot, inklusive inntektsutjamning) sette til **207,827 mill. kr**, som er 0,700 mill. kr høgare enn KDD sitt anslag. For 2026 blir 198,651 mill. kr lagde til grunn. Med Telemarksforskning (TF) sin oppgåvekorreksjon på −0,067 mill. kr i 2026-prisar blir samanlikningsgrunnlaget 198,584 mill. kr. Oppgåvekorrigert nominell vekst er dermed **9,243 mill. kr, eller 4,7 prosent**. Med deflator på 3,8 prosent svarar dette til ein realvekst på 0,8 prosent.

For 2028–2030 blir det lagt til grunn ein årleg nasjonal realvekst i dei frie inntektene til kommunane på 3,0 mrd. kr, fordelt med 1,8 mrd. kr på skatt og 1,2 mrd. kr på rammetilskot.

	2026	2027	2028	2029	2030
Rammetilskot (fast del)	122 270	126 942	127 355	128 686	128 431
Skatt	65 215	68 869	69 615	70 253	70 714
Inntektsutjamning	11 166	12 016	12 185	12 330	12 433
Sum frie inntekter	**198 651**	**207 827**	**209 155**	**211 269**	**211 578**
% - endring		4,6	0,6	1,0	0,1

Beløp i 1 000 kroner. 2026 er i løpande prisar; 2027–2030 er i faste 2027-prisar. Veksten frå 2026 til 2027 er nominell og ikkje oppgåvekorrigert. Seinare endringar viser realvekst. Beløpa i tabellane er avrunda. Det kan derfor vere mindre avvik ved summering.

Oppgåveendringar i kommuneopplegget

Tabellen viser alle oppgåvekorreksjonane for landet og Åmli, fordelte på aktuelle område. Beløpa viser rammeendringar, men uttrykkjer ikkje nødvendigvis dei faktiske kostnadsendringane til kommunen.

Oppgåvekorreksjonar. Beløp i 1 000 2027-kr.

Område / oppgåveendring	Landet	Åmli
a) Barnehage	**126 003**	**35**
Nominell vidareføring av maksimal foreldrebetaling i 2027	106 800	30
Maksimal foreldrebetaling – heilårseffekt frå 2026	19 203	5
b) Grunnskule	**−304 302**	**−129**
Avvikling av plikt til leksehjelp frå hausten 2027	−350 000	−148
Tryggare digital læring	−3 000	−1
Innlemming: skuleturar mot antisemittisme	15 670	7
Innlemming: SFO-samarbeid med kulturskule m.m.	20 000	8
Innlemming: symjeopplæring for nykomne elevar	10 000	4
Personopplysningar ved skulebyte – heilårseffekt	3 028	1
c) Kommunehelse	**182 362**	**89**
Auka basistilskot til fastlegar – heilårseffekt i 2027	154 662	75
Innlemming: sekretariat i helsefellesskap	11 400	6
Innlemming: avansert klinisk allmennsjukepleie	16 300	8
d) Sosiale tenester	**55 166**	**18**
Sosialhjelp ved utfasing av stønader til einsleg mor eller far	55 166	18
e) Barnevern	**−58 600**	**−23**
Betre vern for barn i institusjon	11 400	5
Avvikling av refusjon for forsterkingstiltak i institusjon	−70 000	−28
f) Samla utgiftsbehov	**−112 314**	**−47**
Fleire elevar i statlege og private skular	−112 314	−47
g) Andre tenesteområde – innbyggjartilskot	**−34 104**	**−11**
Ordningar for frivillige kommunesamanslåingar	−70 000	−23
Overgang til Altinn 3 for KOSTRA	−10 000	−3
Fagskuleutdanning ved Brann- og redningsskolen	−5 939	−2
Digitalisering av plan- og byggjesaksprosessar	−3 750	−1
Innlemming: tiltak mot radikalisering og ekstremisme	12 508	4
Innlemming: tryggare skulevegar og nærmiljø	43 077	14
h) Særskild fordeling – tabell C	**−25 000**	**0**
Forsøk med aktivitetspengar for unge i Trondheim	−25 000	0
Sum oppgåvekorreksjonar – TF	**−170 789**	**−69**

Nokre av oppgåvekorrigeringane – til dømes for avvikling av plikt til leksehjelp på 1.-4. trinn frå hausten 2027, auka basistilskot til fastlegar og sosialhjelp ved utfasing av stønader til einsleg mor eller far – kan brukast direkte til å endre føresetnadene for budsjettrammene på bestemte budsjettområde.

TF sin samla oppgåvekorreksjon for Åmli er −0,069 mill. kr i 2027-prisar. Omrekna med deflator på 3,8 prosent er korreksjonen −0,067 mill. kr i 2026-prisar. Dette beløpet blir brukt i kommunedirektøren si vekstberekning. Omtalen av Grønt hefte og KDD sin inntektstabell bruker KDD sin korreksjon. Veksten blir rekna frå uavrunda beløp.

Fastlegeposten viser heilårseffekten i 2027. Kompensasjonen for 2026, som svarar til ein halvårseffekt, inngår i inntektsanslaget for 2026. Sakene under andre tenesteområde inngår i innbyggjartilskotet utan å påverke utgiftsutjamninga.

Demografikostnader 2027-2030

Under blir berekningar av kommunen sine demografikostnader for det enkelte året i ny planperiode presentert – basert på framskrivingar frå SSB og TBU-metoden. Demografikostnadene er eit uttrykk for kva det vil koste kommunen å vidareføre tenestetilbodet (med same standard, dekningsgrad og produktivitet).

Demografitabellen viser brutto kostnadsendringar. Den delen som blir finansiert av frie inntekter, er ikkje berekna særskilt for Åmli. Tabellen kan derfor ikkje brukast direkte til å berekne handlingsrommet etter demografi.

Berekna brutto demografikostnader. Beløp i 1 000 2026-kr:

	2027	2028	2029	2030	2027-2030
Barnehage	0	0	-558	279	-279
Grunnskule	-2 116	550	157	-1 906	-3 314
Pleie og omsorg	5 114	2 066	1 095	1 407	9 682
Kommunehelse	307	7	63	172	550
Barnevern	-99	26	44	-58	-87
Sosialteneste	42	332	285	91	750
Sum Åmli kommune	**3 249**	**2 981**	**1 086**	**-15**	**7 301**

Årskolonnane viser endring i berekna utgiftsbehov frå året før. Positive beløp betyr auka behov, negative redusert behov.

Samla brutto utgiftsbehov aukar med 7,3 mill. kr i perioden. Utgiftsbehovet i grunnskulen blir redusert med 3,3 mill. kr, medan pleie og omsorg aukar med 9,7 mill. kr. I 2027 aukar det samla berekna utgiftsbehovet med 3,2 mill. kr.

Redusert berekna utgiftsbehov gir ikkje automatisk tilsvarande innsparing; dette avheng av kapasitet, bemanning og organisering.

Folketalet aukar frå 1 805 i 2026 til 1 871 i 2030. Talet på innbyggjarar på 80 år og over aukar frå 101 til 139, eller 37,6 prosent. Tala gjeld 1. januar. Utgiftsutjamninga byggjer på folketal per 1. juli året før budsjettåret.

Budsjettframlegget for 2027-2030 bygger på opprinneleg budsjett 2026. Budsjettet er tilpassa organisasjons-planen, og endringane i forslag til statsbudsjett er lagt inn i budsjettet samt lokale vedtak og føringar.

Etter at desse justeringane er lagt inn i budsjettframlegget får vi det vi kallar for «Konsekvensjustert budsjett 2027».

Når ein tek omsyn til ovannemnde viser driftsbudsjettet eit mindreforbruk på 9,105 mill. kr (Jfr. oversikten; Tiltak i handlingsprogrammet i budsjettdokumentet).

Vidare ser ein alle tiltaka som er foreslått i handlingsprogrammet og kva for tiltak kommunedirektøren har teke inn i budsjettet.

Eit tiltak er endringar i forhold til dagens drift. Tal med minus føre viser auka inntekter/reduserte utgifter og positive tal viser auka utgifter/reduserte inntekter. I tillegg visast ein tabell med kommentarar knytt til kvart enkelt tiltak uavhengig av om tiltaket er med i framlegget eller ikkje.

Utover dette viser ein til sakene som følgjer budsjettet.

Skatte- og rammetilskotsgrad

Viser kor stor del av kommunen sine driftsutgifter som dekkast av skatteinntekter og rammetilskot.

	B 2024	B 2025	B 2026	B 2027
Skatte- og rammetilskotsgrad	68,7 %	68,5 %	68,9 %	66,8 %

(Skatteinntektene og rammetilskotet i % av hovudpost 1010-1499)

Skatte- og rammetilskotsgraden målast i forhold til kommunen sine utgifter.

Graden er relativt stabil frå 2024 til 2026, men går ned frå 68,9 prosent i 2026 til 66,8 prosent i 2027. Dette inneber at ein mindre del av kommunen sine utgifter blir finansiert av skatt på inntekt og formue og rammetilskot, og at kommunen i større grad er avhengig av andre inntekter.

Eigedomsskatt

Kommunen skriv i dag ut eigedomsskatt etter eigedomsskattelova § 3 første ledd bokstav d, med ein skattesats på 7 promille. Kommunedirektøren sitt framlegg til budsjett legg opp til å vidareføre same utskrivingsalternativ og skattesats i heile planperioden. Kommunestyret vedtok i K-sak 26/14 å gjennomføre ny alminneleg taksering i 2026.

I kommunedirektøren sitt framlegg til budsjett er det førebels lagt inn ein auke i inntektene frå eigedomsskatt på kr. 3,4 mill. som følgje av takseringa. Anslaget byggjer mellom anna på førebelse forslag til nye takstar for kraftlinjer. Det er òg lagt inn anslag for eigedomsskatt frå Kilandsfoss kraftverk. Endeleg inntektsnivå vil avhenge av dei nye takstane.

Driftsinntekter

Driftsinntektene til kommunen består, i tillegg til rammetilskot, skatteinntekter og statlege, fylkeskommunale og kommunale overføringar, av eigne sals- og leigeinntekter.

Skal vi kunne auke driftsinntektene, må det i prinsippet vere ved å auke sals –og leigeinntektene, og innføre nye avgifter.

- Gebyr for vatn blir foreslått auka med 20,8 prosent, føresett eit normalforbruk på 180 kubikkmeter.
- Gebyr for avløp blir foreslått auka med 8,0 prosent, føresett eit normalforbruk på 180 kubikkmeter.
- Gebyr for feiing blir foreslått auka med 2,0 prosent til 355 kroner.

- Gebyr for avfall og slam for 2027 blir foreslått vedteke i tråd med vedtaket i styret i IATA.
- Satsen for oppmåling er endra i tråd med konsumprisindeksen og aukar med 3,5 prosent.
- Satsen for private planar er uendra.
- Satsen for byggjesaker blir foreslått uendra.
- Betalingssatsane for barnehage er sette til maksimalsatsen, det vil seie 700 kroner for ein heiltidsplass.
- Betalingssatsen for kost i barnehagen er 400 kroner per månad.
- SFO er gratis i Åmli kommune. Betalingssatsen for kost er 175 kroner per månad.
- Eigenbetalinga for heimehjelp blir auka i 2027. Forslag kjem i eiga sak.
- Betalingssatsen for matlevering av middag er uendra i 2027.
- Betalingssatsen for tryggleiksalarm er uendra i 2027.
- Betalingssatsen for vask av klede aukar med 15 kroner per kilo, frå 65 til 80 kroner per kilo. Vask av dyne kostar 100 kroner per stykk.
- Eigenbetalinga for middag og lunsj er uendra i 2027.
- Eigenbetalinga for lunsj ved frivilligsentralen er uendra i 2027.

Åmli kommune mottek utbytte frå eigardelen sin i Å Energi. Grunnlaget for utbyttet i 2027 er selskapet sitt resultat for 2025 på 2,459 mrd. kr, ein utbytepolitikk på 70 % av resultatet og kommunen sin eigardel på 0,873 %. Åmli sin del av det budsjetterte utbyttet for 2027 er oppgitt til 14,941 mill. kr. Dette er ein auke frå 2025.

For åra 2028 – 2030 er det lagt til grunn prognose frå selskapet og framstillast som følgjer:

AKSJONÆR	EIERANDEL	2025	2026	2027	2028	2029	2030
Åmli kommune	0,873 %	19 703 390	13 013 320	**14 941 607**	**10 395 735**	**10 831 999**	**11 268 263**

Åmli kommune mottek konsesjonskrafttilskot frå Konsesjonskraft IKS (KIKS). Kommunedirektøren har lagt til grunn det lågaste anslaget for økonomiplanperioden som de har foreslått for kommunane. Basert på det, vil Åmli kommune motta ca 12,7 mill. kr i tilskot kvart år frå 2027 til 2030.

Prognosen frå KIKS byggjer på marknadsprisar. KIKS understrekar derfor at tilskotsanslaget er usikkert og kan endre seg. Effekten av at Kilandsfoss kraftverk er sett i drift, er førebels ikkje rekna inn.

Netto driftsresultat 2027 utgjer 0,68 % av brutto driftsinntekter i kommunedirektøren sitt budsjettframlegg. Vedteke måltal er at netto driftsresultat bør vere større enn 1,75 % av brutto driftsinntekter.

Driftsutgifter

Lønsutgifter, inklusive sosiale utgifter, er kommunen si største driftsutgift. I 2027 utgjer dei 67,26 % av driftsutgiftene. Denne delen er 2,52 prosentpoeng lågare enn i 2026. Det er budsjettert med ein årslønsvekst på 4,5 % i 2027, i tråd med framlegget til statsbudsjett.

Åmli kommune har ein låneportefølje der ca. 34,73 % av låna er til fastrente pr. dato. Ein er dermed eksponert for utgiftsauke dersom renta går opp. Kommunedirektøren har, på nye tiltak som er foreslått lånefinansiert, lagt inn eit rentenivå på 5,4 % p.a. Rentenivået samanlikna med opprinneleg budsjett 2026 er dermed auka med 0,40 % p.a.. Det er teke omsyn til forventa renteutvikling på diskonterte lån i tråd med Kommunalbanken si prognose for renteutvikling i økonomiplanperioden.

Ifølgje prognose frå vår straumleverandør er det i budsjettframlegget lagt til grunn at straumutgiftene for 2027 blir 4,8 mill .kr som då utgjer ein auke på 0,4 mill kr samanlikna med 2026.

Fond

Ved inngangen til 2026 hadde kommunen 63,2 mill. kr i frie fond. Etter korreksjon for akkumulert premieavvik var beløpet 41,9 mill. kr. Premieavviket er ikkje ei pengefordring, men ei utsett utgiftsføring i driftsrekneskapen som må finansierast. Budsjettet for 2026 inneheld vedtak om netto bruk av 29,1 mill. kr av frie fond til ulike tiltak. Dei frie fonda er oppgitt til 12,786 mill. kr ved inngangen til 2027. Budsjettframlegget for 2027 legg opp til netto bruk av 3,1 mill. kr. Dei frie fonda vil då utgjere 3,06 % av driftsinntektene. Dette føreset at rekneskapen for 2026 blir avslutta i tråd med budsjettet, og at det akkumulerte premieavviket er uendra.

Kommunen sitt vedtekne måltal er at frie fond (driftsreservar) bør utgjere meir enn 8 % av driftsinntektene. Kommunedirektøren sitt budsjettframlegg legg opp til ytterlegare netto bruk av 4,0 mill. kr i 2028. I 2029 og 2030 er det lagt opp til å setje av høvesvis 2,9 og 4,3 mill. kr.

Kommunedirektøren vurderer den økonomiske utviklinga i planperioden som krevjande. Netto driftsresultat og nivået på disposisjonsfondet ligg under dei vedtekne finansielle måltala til kommunen. Dette reduserer den økonomiske handlefridomen og evna kommunen har til å handtere uføresette utgifter og inntektssvikt. Det er derfor nødvendig å arbeide vidare med varige omstillingstiltak og tilpassing av driftsnivået, med sikte på å styrkje netto driftsresultat og byggje opp disposisjonsfondet over tid.

Netto driftsrammer fordelt på avdelingane

Resultateining	Budsjett 2026	% av nto. dr. utg.	Budsjett 2027	% av nto. dr. utg.
ORGANISASJON OG ØKONOMI	27 851 707	13,19 %		
HR OG ORGANISASJONSUTVIKLING			17 409 610	7,77 %
ØKONOMI OG ADMINISTRASJON			11 206 615	5,00 %
OPPVEKST	72 601 097	34,39 %	75 138 192	33,53 %
HELSE OG OMSORG	60 707 538	28,76 %	68 127 497	30,41 %
HABILITERING OG RESSURS	27 915 466	13,22 %	28 500 631	12,72 %
SAMFUNNSAVDELINGA	16 258 364	7,70 %	17 525 719	7,82 %
SKATT, OVERFØRINGER, RENTER OG AVDRAG	5 747 719	2,72 %	6 153 053	2,75 %
Sum bevilgning drift, netto	**211 081 891**		**224 061 317**	

Tabellen viser nettoløyvingane til drift for kvart budsjettområde og endringane mellom budsjettåra. Tala er henta frå løyvingsoversikta etter § 5-4 i budsjett- og rekneskapsforskrifta. Oppvekst har den største nettoløyvinga, med om lag ein tredel av den samla nettoløyvinga til drift.

Lånegjeld og investeringar

Lånegjeld, rente og avdragsutvikling i planperioden, jfr forskriftens § 5-7:

År	2027	2028	2029	2030
Lånegjeld pr. 01.01	208 157 226	213 836 088	213 021 127	203 726 165
Opptak nye lån 2027-2030	17 192 500	11 600 000	3 600 000	0
Renter	11 588 317	11 806 122	11 460 743	10 788 041
Avdrag	11 513 638	12 414 961	12 894 961	12 999 961
Sum renter/avdrag	23 101 955	24 221 083	24 355 705	23 788 002
Lånegjeld 31.12	**213 836 088**	**213 021 127**	**203 726 165**	**190 726 204**

Det er i 2027 lagt opp til låneopptak på 17,193 mill. kr. Av dette gjeld 10,390 mill. kr finansiering av investeringar i årsbudsjettet for 2027. Resterande 6,803 mill. kr gjeld investeringstiltak som er vedtekne etter førre låneopptak, og der vedteken lånefinansiering enno ikkje er gjennomført. Dette forklarer skilnaden mellom planlagt låneopptak og posten «bruk av lån» i løyvingsoversikta for investering.

Låneopptaket i 2027 omfattar såleis både finansieringsbehovet i årsbudsjettet for 2027 og tidlegare vedtekne, ikkje gjennomførte låneopptak. Lånegjelda til kommunen vil i 2027 auke frå kr 208 mill. til kr 213,8 mill. ved utgangen av året. Gjeldsgraden går opp med det frå 65,93 til 67,73 % i løpet av 2027. Måltalet for kommunen er at gjeldsgraden ikkje bør vere høgare enn 90 % av brutto driftsinntekter. I 2028 vil gjeldsgraden være 67,14 %, i 2029 63,79 % og i 2030 59,67 % etter kommunedirektøren sitt budsjettframlegg. Rente- og avdragsutviklinga i gjeldsoversikta tek også omsyn til låneopptak knytt til investeringstiltak som er vedtekne etter førre låneopptak, og som enno ikkje er lånefinansierte. Dette forklarer avviket mellom gjeldsoversikta og rente- og avdragspostane i bevilgningsoversikta etter § 5-4.

Kommunen har utover dette ikkje andre vesentlege langsiktige økonomiske forpliktingar som har vesentleg betydning for den økonomiske handleevna i planperioden.

Det som påverkar kommunen si lånegjeld i perioden 2027-2030 er opptak av følgjande lån til investeringsprosjekt:

Prosj.nr	Tiltak	2027	A.tid	2028	A.tid	2029	A.tid	2030	A.tid
3849	Oppgradering og HC tilrettelegging Brustad og Valhall (K-sak 26/32)	640 000	10						
3850	Asfaltering av kommunal vei til Sigridnes (K-sak 26/33)	3 100 000	15						
3844	Nye gatelys (K-sak 26/39)	500 000	10						
3879	Utbedring Vehusvegen (K-sak 26/41)	2 562 500	40						
3816	Oppgradering av 2 stk omsorgsboliger	1 900 000	30						
3822	Ombygging kontorlandskap NAV	500 000	10						
3827	Kjøkken Beverborga barnehage	300 000	10						
3838	Maling Åmli kyrkje utvendig	750 000	20						
3840	Reparasjon tak Åmli kyrkje	1 810 000	40						
3847	Reguleringsplan boligtomter Åmli sentrum	200 000	10						
3852	Utredning fremtidig behov sykehjem	400 000	10						
3853	Lydisolering legekontor	150 000	10						
3854	Parkeringsplasser Elvekulturstien	550 000	40						
3856	Ny sprinklerventil Elvarheim	200 000	20						
3857	Ny hovedplan avløp	1 800 000	10						
3859	Ferdigstille brønner Jordøya etter boring	300 000	40						
3861	Nytt ventilasjonsanlegg skytebane Åmlihallen	250 000	20						
3863	Nødstrømsaggregat Åpos	800 000	20						
3866	Nytt utstyr teknisk avdeling	360 000	10						
3878	Solskjerming Ungdomsskolen	120 000	10						
3782	Åmli RA - Rehabilitering flokkuleringsbasseng			1 800 000	40				
3784	Ny heis til Åpos			1 900 000	20				
3815	Nytt mobilt renseanlegg Jordøya			1 500 000	40				
3831	Ny hjullaster			1 700 000	10				
3860	Rehabilitering Stasjonsbygningen			1 500 000	40				
3867	Lysløype Århuskleiva – Tveit			3 000 000	40				
3862	Ny el-bil teknisk drift			200 000	10	200 000	10		
3855	Ny omsorgsbolig til Habilitering og Ressurs					3 000 000	40		
3864	Ny vannledning Åmli sentrum					400 000	40		
	Sum låneopptak og investeringar	**17 192 500**		**11 600 000**		**3 600 000**		**0**	

A.tid = Avdragstid

Investeringane er omtala meir utfyllande i kommentarane til tiltaksoversikten.

I tråd med forskrift om startlån frå Husbanken og Åmli kommune sin retningslinjer for startlån vedteke i K-sak 18/47 budsjetterast det kvart år med opptak av lån til vidareutlån. I planperioden er det lagt opp til følgjande låneopptak i Husbanken til vidareutlån i form av startlån;

Prosj.nr	Opptak av lån i Husbanken til vidareutlån (Startlån)	2027	A.tid	2028	A.tid	2029	A.tid	2030	A.tid
3107	Lånebeløp i kr	12 000 000	25	12 000 000	25	12 000 000	25	12 000 000	25

Løns- og prisføresetnader

Budsjettet bygger på opprinneleg budsjett 2026 som ramme korrigert for vedtak og statlege føringar.

Statsbudsjettet bygger på ein deflator (løns- og prisvekst, inkl pensjonsmeirkostnader) på 3,8 % frå 2026 til 2027.

Lønsveksten er budsjettert i tråd med statsbudsjettet sine føringar som er 4,5 %.

I 2027 - 2030 har vi budsjettert pensjonskostnadar i tråd med prognosar frå KLP og SPK. For medlemmar i KLP utgjer netto pensjonskostnad 12 % og for medlemmar i SPK 8 %.

Opptak av nye lån er budsjettert med ei rente på 5,4 % p.a. i perioden 2027-2030.

Diskonterte lån er budsjettert i tråd med Kommunalbanken si prognose for renteutvikling.

Anslag for rammetilskot og skatteinntekter frå 2027 – 2030 er i tråd med prognose frå Telemarksforskning.

For øvrig viser ein til sakene som følgjer budsjettet.

Bevilgningsoversikt drift etter forskriftenes § 5-4

Beskrivelse	Regnskap 2025	Budsjett 2026	Budsjett 2027	Budsjett 2028	Budsjett 2029	Budsjett 2030
Rammetilskudd	-130 908 456	-132 977 000	-138 958 000	-140 358 000	-142 458 000	-142 758 000
Inntekts- og formuesskatt	-56 285 148	-64 440 000	-68 869 000	-68 869 000	-68 869 000	-68 869 000
Eiendomsskatt	-9 541 967	-10 676 718	-14 276 718	-14 251 718	-14 226 718	-14 201 718
Andre generelle driftsinntekter	-15 861 730	-8 271 002	-6 588 208	-6 588 208	-6 588 208	-6 588 208
SUM GENERELLE DRIFTSINNTEKTER	-212 597 301	-216 364 720	-228 691 926	-230 066 926	-232 141 926	-232 416 926
Sum bevilgninger drift, netto	208 382 533	211 081 891	224 061 317	221 456 017	221 820 358	221 643 937
Avskrivinger	11 209 299	10 600 000	11 500 000	11 500 000	11 500 000	11 500 000
SUM NETTO DRIFTSUTGIFTER	219 591 832	221 681 891	235 561 317	232 956 017	233 320 358	233 143 937
BRUTTO DRIFTSRESULTAT	6 994 531	5 317 171	6 869 391	2 889 091	1 178 432	727 011
Renteinntekter	-7 611 027	-5 591 238	-5 664 725	-5 616 777	-5 562 729	-5 508 477
Utbytter	-19 710 390	-9 203 663	-14 941 607	-10 395 735	-10 831 999	-11 268 263
Gevinster og tap på finansielle omløpsmidler	0	0	0	0	0	0
Renteutgifter	12 210 155	10 711 248	11 588 317	11 438 787	11 108 987	10 451 863
Avdrag på lån	11 685 625	11 096 495	11 513 638	12 126 470	12 606 470	12 711 470
NETTO FINANSUTGIFTER	-3 425 637	7 012 842	2 495 623	7 552 745	7 320 729	6 386 593
Motpost avskrivinger	-11 209 295	-10 600 000	-11 500 000	-11 500 000	-11 500 000	-11 500 000
NETTO DRIFTSRESULTAT	-7 640 401	1 730 013	-2 134 986	-1 058 164	-3 000 839	-4 386 396
Disponering eller dekning av netto driftsresultat	0	0	0	0	0	0
Overføring til investering	2 089 968	5 911 000	5 783 400	5 783 400	783 400	783 400
Avsetninger til bundne driftsfond	2 803 818	1 133 673	1 133 673	1 133 673	1 133 673	1 133 673
Bruk av bundne driftsfond	-2 572 860	-1 655 685	-1 655 685	-1 655 685	-1 655 685	-1 655 685
Avsetninger til disposisjonsfond	6 501 544	6 822 408	11 198 007	9 121 185	11 063 860	12 449 417
Bruk av disposisjonsfond	-1 182 126	-13 941 409	-14 324 409	-13 324 409	-8 324 409	-8 324 409
Dekning av tidligere års merforbruk	0	0	0	0	0	0
SUM DISPONERINGERELLER DEKNING AV NETTO DRIFTSRESULTAT	7 640 344	-1 730 013	2 134 986	1 058 164	3 000 839	4 386 396
FREMFØRT TIL INNDEKNING I SENERE ÅR	-57	0	0	0	0	0

Hovedoversikt skjema 1B – bevilgning pr. eining etter §5-4:

Beskrivelse	Regnskap 2025	Budsjett 2026	Budsjett 2027	Budsjett 2028	Budsjett 2029	Budsjett 2030
ORGANISASJON OG ØKONOMI						
Driftsinntekter	*-821 790*	*-385 709*				
Driftsutgifter	*25 308 926*	*28 237 416*				
Netto	*24 487 136*	*27 851 707*				
HR OG ORGANISASJONSUTVIKLING						
Driftsinntekter			-293 352	-293 352	-293 352	-293 352
Driftsutgifter			17 702 962	17 702 962	17 702 962	17 702 962
Netto			17 409 610	17 409 610	17 409 610	17 409 610
ØKONOMI OG ADMINISTRASJON						
Driftsinntekter			-127 450	-127 450	-127 450	-127 450
Driftsutgifter			11 334 065	11 214 529	11 334 065	11 214 529
Netto			11 206 615	11 087 079	11 206 615	11 087 079
OPPVEKST						
Driftsinntekter	-8 782 210	-4 414 283	-6 977 596	-6 977 596	-6 977 596	-6 977 596
Driftsutgifter	85 233 911	77 015 380	82 115 788	81 753 299	81 753 299	81 753 299
Netto	76 451 701	72 601 097	75 138 192	74 775 703	74 775 703	74 775 703
HELSE OG OMSORG						
Driftsinntekter	-27 224 750	-19 465 090	-23 124 997	-23 074 997	-23 064 997	-23 064 997
Driftsutgifter	97 727 259	80 172 628	91 252 494	90 602 494	90 552 494	90 552 494
Netto	70 502 509	60 707 538	68 127 497	67 527 497	67 487 497	67 487 497
HABILITERING OG RESSURS						
Driftsinntekter	-13 721 106	-12 492 900	-16 584 900	-16 584 900	-16 584 900	-16 584 900
Driftsutgifter	40 520 688	40 408 366	45 085 531	45 085 531	45 879 798	45 879 798
Netto	26 799 582	27 915 466	28 500 631	28 500 631	29 294 898	29 294 898
SAMFUNNSAVDELINGA						
Driftsinntekter	-37 447 311	-37 242 229	-39 906 239	-40 154 608	-40 154 070	-40 170 955
Driftsutgifter	57 003 818	53 500 593	57 431 958	56 157 052	55 647 052	55 607 052
Netto	19 556 507	16 258 364	17 525 719	16 002 444	15 492 982	15 436 097
ØKONOMI/SKATTEOPPKREVER						
Driftsinntekter	-16 742	-21 250	-21 250	-21 250	-21 250	-21 250
Driftsutgifter	-9 398 160	5 768 969	6 174 303	6 174 303	6 174 303	6 174 303
Netto	-9 414 902	5 747 719	6 153 053	6 153 053	6 153 053	6 153 053
Sum bevilgning drift, netto	**208 382 533**	**211 081 891**	**224 061 317**	**221 456 017**	**221 820 358**	**221 643 937**

I samsvar med kommunen sitt økonomireglement blir driftsbudsjettet vedteke som netto løyving per eining. Løyvingane går fram av løyvingsoversikta etter § 5-4 andre ledd.

Bevilgningsoversikt investering etter forskriftens § 5-5

Beskrivelse	Regnskap 2025	Budsjett 2026	Budsjett 2027	Budsjett 2028	Budsjett 2029	Budsjett 2030
Investeringer i varige driftsmidler	24 963 819	12 206 250	9 262 500	16 575 000	4 400 000	0
Sum tilskudd til andres investeringer	*0*	*0*	*2 560 000*	*0*	*0*	*0*
EK innskot KLP	*657 161*	*696 000*	*783 400*	*783 400*	*783 400*	*783 400*
Kilandsfoss AS	*5 000 000*	*5 000 000*	*5 000 000*	*5 000 000*	*0*	*0*
Sum Investeringer i aksjer og andeler i selskaper	5 657 161	5 696 000	8 343 400	5 783 400	783 400	783 400
Utlån av egne midler	0	0	0	0	0	0
Avdrag på lån	0	0	0	0	0	0
SUM INVESTERINGSUTGIFTER	30 620 980	17 902 250	17 605 900	22 358 400	5 183 400	783 400
Kompensasjon for merverdiavgift	-4 594 144	-2 441 250	-1 432 500	-1 975 000	-800 000	0
Tilskudd fra andre	-1 548 709	-1 570 000	0	-3 000 000	0	0
Salg av varige driftsmidler	-274 965	0	0	0	0	0
Salg av finansielle anleggsmidler	0	0	0	0	0	0
Utdeling fra selskaper	0	0	0	0	0	0
Mottatte avdrag på utlån av egne midler	0	0	0	0	0	0
Bruk av lån	-12 697 600	-7 980 000	-10 390 000	-11 600 000	-3 600 000	0
SUM INVESTERINGSINNTEKTER	-19 115 418	-11 991 250	-11 822 500	-16 575 000	-4 400 000	0
Videreutlån	7 846 245	12 000 000	12 000 000	12 000 000	12 000 000	12 000 000
Bruk av lån til videreutlån	-7 846 245	-12 000 000	-12 000 000	-12 000 000	-12 000 000	-12 000 000
Avdrag på lån til videreutlån	924 998	1 135 653	1 200 474	1 250 272	1 304 319	1 358 570
Mottatte avdrag på videreutlån	-1 779 517	-1 135 653	-1 200 474	-1 250 272	-1 304 319	-1 358 570
NETTO UTGIFTER VIDEREUTLÅN	-854 519	0	0	0	0	0
Overføring fra drift	-2 089 968	-5 911 000	-5 783 400	-5 783 400	-783 400	-783 400
Avsetninger til bundne investeringsfond	0	0	0	0	0	0
Bruk av bundne investeringsfond	-11 810	0	0	0	0	0
Avsetninger til ubundet investeringsfond	1 114 389	0	0	0	0	0
Bruk av ubundet investeringsfond	-9 663 657	0	0	0	0	0
Dekning av tidligere års udekket beløp	0	0	0	0	0	0
Sum overføring fra drift og netto avsetninger	-10 651 046	-5 911 000	-5 783 400	-5 783 400	-783 400	-783 400
Fremført til inndekning i senere år udekket beløp	-3	0	0	0	0	0

Hovedoversikt skjema 2B – investering:

Prosjekt	Beskrivelse	Regnskap 2025	Budsjett 2026	Budsjett 2027	Budsjett 2028	Budsjett 2029	Budsjett 2030
3112	KLP egenkapitalinnskudd	657 161	696 000	783 400	783 400	783 400	783 400
3119	Konsesjonssak Kilandsfoss	5 000 000	5 000 000	5 000 000	5 000 000	0	0
3134	DDA bredbåndsutbygging Skjeggedal	44 709	2 231 250	0	0	0	0
3434	Sal av fast eigedom/tomt	323 878	0	0	0	0	0
3435	Frikjøp av rettigheter over vannverkets eiendommen - Gjøv vannverk	402 000	0	0	0	0	0
3480	Fiber til kommunale utleieboliger	16 209	0	0	0	0	0
3526	Rehabilitering kommunale bygninger	11 412	0	0	0	0	0
3630	Rasteplass Sjodiplane	14 763	0	0	0	0	0
3633	Radon saneringstiltak	4 168	0	0	0	0	0
3636	Tur og sykkelløype Åmli-Treungen	153 233	0	0	0	0	0
3705	Rehabiliteringsplan VA - Ledningsnett	9 100	0	0	0	0	0
3713	Grunnerverv Simonstad næringsområde	17 118	0	0	0	0	0
3740	Oppgradering kommunale veger	83 000	0	0	0	0	0
3747	Meråpent bibliotek	67 200	0	0	0	0	0
3751	Kultursal	5 559 461	0	0	0	0	0
3753	Uteområde ungdomsskolen	101 438	0	0	0	0	0
3761	Skatepark	3 172 104	0	0	0	0	0
3766	Forsøksprosjekt belysning venteplasser barn på buss	51 090	0	0	0	0	0
3767	Tviland bru - rehabilitering	2 614 786	0	0	0	0	0
3771	Ombygging 020 rom skolen	1 087	0	0	0	0	0
3774	Skifte av tak Åmli skole	444 844	0	0	0	0	0
3776	Oppgradering dører Hallen (+ tak)	439 940	0	0	0	0	0
3777	Varmepumpe Åmli skole	4 395 060	0	0	0	0	0
3778	Varmepumpe Hallen	760 299	0	0	0	0	0
3779	Ventilasjonsanlegg Paviljongen	494 420	0	0	0	0	0
3781	Utskiftning asbestsement vannledning.	276 325	0	0	0	0	0
3782	Åmli RA - Rehabilitering flokkuleringsbasseng.	0	0	0	1 800 000	0	0
3784	Ny heis til ÅPOS	0	0	0	2 375 000	0	0
3785	Inventar Åmli skule	615 914	0	0	0	0	0
3787	Fortau og omlegging av trafikkavvikling ved Åmli skole	731 326	0	0	0	0	0
3788	Oppgradering kjøkken ÅPOS	71 815	0	0	0	0	0
3791	Oppgradering Sigridnesveien	2 512 825	0	0	0	0	0

Prosjekt	Beskrivelse	Regnskap 2025	Budsjett 2026	Budsjett 2027	Budsjett 2028	Budsjett 2029	Budsjett 2030
3794	ENØK tiltak - Luft/vann varmepumpe Døelmo barnehage	246 783	0	0	0	0	0
3796	Traktor til veidrift	0	1 250 000	0	0	0	0
3801	Takkonstruksjon over rømningsvei ÅPOS	13 082	0	0	0	0	0
3804	Ombygging av rom 3 etg. ÅPOS	66 586	0	0	0	0	0
3807	Rehabilitering av omsorgsbolig - Århuskleiva 1	29 339	0	0	0	0	0
3809	Utskifting av gatebelysning sentrum nord	208 207	0	0	0	0	0
3811	Utskiftning maskiner reinhold	310 620	0	0	0	0	0
3814	Utskiftning av leikeapparater	79 897	0	0	0	0	0
3815	Nytt mobilt renseanlegg Jordøya	0	0	0	1 500 000	0	0
3816	Oppgradering av 2 stk omsorgsboliger	0	0	2 375 000	0	0	0
3817	Lekestativ sentrumsparken	469 071	0	0	0	0	0
3818	Oppgradering Nelaug VB	402 244	0	0	0	0	0
3822	Ombygging kontorlandskap NAV	0	125 000	625 000	0	0	0
3823	Rehabilitering Åmlihallen-tak	0	2 112 500	0	0	0	0
3825	Promenade langs elva vestside Åmli sentrum	0	500 000	0	0	0	0
3826	HC baderampe friområde Engenes	8 336	375 000	0	0	0	0
3827	Kjøkken Beverborga barnehage	0	0	375 000	0	0	0
3828	Gjerde beverborga barnehage	0	312 500	0	0	0	0
3831	Ny hjullaster	0	0	0	2 125 000	0	0
3834	Oppgradering sykkelvei	0	250 000	0	0	0	0
3835	Nye lekeapparater til kommunale anlegg	0	375 000	0	0	0	0
3836	Kontorstoler personale Åmli skule	0	125 000	0	0	0	0
3838	Maling Åmli kyrkje utvendig	0	0	750 000	0	0	0
3840	Reparasjon tak Åmli Kyrkje	0	0	1 810 000	0	0	0
3843	Riving av gamle Åmli VGS	0	3 750 000	0	0	0	0
3844	Nye gatelys	0	250 000	0	0	0	0
3845	Flyttbare lysmaster til barn som venter på skolebuss	0	175 000	0	0	0	0
3846	Fasadebelysning Elvarheim	0	125 000	0	0	0	0
3847	Regulering boligtomter Åmli sentrum	0	250 000	250 000	0	0	0
3852	Forprosjekt Sykehjem	0	0	500 000	0	0	0
3853	Lydisolering legekontor	0	0	187 500	0	0	0
3854	Parkeringsplasser Elvekulturstien	0	0	687 500	0	0	0
3855	Ny omsorgsbolig psykisk helse	0	0	0	0	3 750 000	0
3856	Ny sprinkelventil Elvarheim	0	0	250 000	0	0	0
3857	Ny hovedplan avløp	0	0	1 800 000	0	0	0

Prosjekt	Beskrivelse	Regnskap 2025	Budsjett 2026	Budsjett 2027	Budsjett 2028	Budsjett 2029	Budsjett 2030
3859	Ferdigstille brønner jordøya etter boring	0	0	300 000	0	0	0
3860	Rehabilitering Stasjonsbygningen	0	0	0	1 775 000	0	0
3861	Nytt ventilasjonsanlegg skytebane Åmlihallen	0	0	312 500	0	0	0
3862	Ny el-bil Teknisk drift	0	0	0	250 000	250 000	0
3863	Nødstrømsaggregat Åpos	0	0	1 000 000	0	0	0
3864	Ny vannledning Åmli sentrum	0	0	0	0	400 000	0
3866	Nytt utstyr teknisk avdeling	0	0	450 000	0	0	0
3867	Lysløype Århuskleiva- Tveit	0	0	0	6 750 000	0	0
3878	Solskjerming Ungdomsskolen	0	0	150 000	0	0	0
	SUM INVESTERINGSUTGIFTER	**30 880 850**	**17 902 250**	**17 605 900**	**22 358 400**	**5 183 400**	**783 400**

Økonomisk oversikt drift – forskriftenes § 5-6

Beskrivelse	Rekneskap 2025	Budsjett 2026	Budsjett 2027	Budsjett 2028	Budsjett 2029	Budsjett 2030
Rammetilskudd	-130 908 456	-132 977 000	-138 958 000	-140 358 000	-142 458 000	-142 758 000
Inntekts- og formuesskatt	-56 285 148	-64 440 000	-68 869 000	-68 869 000	-68 869 000	-68 869 000
Eiendomsskatt	-9 541 967	-10 676 718	-14 276 718	-14 251 718	-14 226 718	-14 201 718
Andre skatteinntekter	-4 357 365	-963 740	-963 740	-963 740	-963 740	-963 740
Andre overføringer og tilskudd fra staten	-11 504 365	-7 307 262	-5 624 468	-5 624 468	-5 624 468	-5 624 468
Overføringer og tilskudd fra andre	-67 641 256	-52 283 129	-63 266 190	-62 966 190	-62 906 190	-62 906 190
Brukerbetalinger	-5 591 419	-5 016 000	-5 542 300	-5 542 300	-5 542 300	-5 542 300
Salgs- og leieinntekter	-14 781 234	-16 722 332	-18 227 294	-18 725 663	-18 775 125	-18 792 010
SUM DRIFTSINNTEKTER	-300 611 210	-290 386 181	-315 727 710	-317 301 079	-319 365 541	-319 657 426
Lønnsutgifter	157 500 295	162 888 158	172 710 867	172 698 367	173 436 067	173 339 567
Sosiale utgifter	38 226 440	41 630 504	44 268 205	44 279 134	44 455 237	44 432 201
Kjøp av varer og tjenester	83 905 724	64 095 997	76 832 890	74 767 530	74 227 530	74 227 530
Overføringer og tilskudd til andre	16 763 983	16 488 693	17 285 139	16 945 139	16 925 139	16 885 139
Avskrivninger	11 209 299	10 600 000	11 500 000	11 500 000	11 500 000	11 500 000
SUM DRIFTSUTGIFTER	307 605 741	295 703 352	322 597 101	320 190 170	320 543 973	320 384 437
BRUTTO DRIFTSRESULTAT	6 994 531	5 317 171	6 869 391	2 889 091	1 178 432	727 011
Renteinntekter	-7 611 027	-5 591 238	-5 664 725	-5 616 777	-5 562 729	-5 508 477
Utbytter	-19 710 390	-9 203 663	-14 941 607	-10 395 735	-10 831 999	-11 268 263
Gevinster og tap på finansielle omløpsmidler	0	0	0	0	0	0
Renteutgifter	12 210 155	10 711 248	11 588 317	11 438 787	11 108 987	10 451 863
Avdrag på lån	11 685 625	11 096 495	11 513 638	12 126 470	12 606 470	12 711 470
NETTO FINANSUTGIFTER	-3 425 637	7 012 842	2 495 623	7 552 745	7 320 729	6 386 593
Motpost avskrivninger	-11 209 295	-10 600 000	-11 500 000	-11 500 000	-11 500 000	-11 500 000
NETTO DRIFTSRESULTAT	-7 640 401	1 730 013	-2 134 986	-1 058 164	-3 000 839	-4 386 396
Disponering eller dekning av netto driftsresultat	0	0	0	0	0	0
Overføring til investering	2 089 968	5 911 000	5 783 400	5 783 400	783 400	783 400
Avsetninger til bundne driftsfond	2 803 818	1 133 673	1 133 673	1 133 673	1 133 673	1 133 673
Bruk av bundne driftsfond	-2 572 860	-1 655 685	-1 655 685	-1 655 685	-1 655 685	-1 655 685
Avsetninger til disposisjonsfond	6 501 544	6 822 408	11 198 007	9 121 185	11 063 860	12 449 417
Bruk av disposisjonsfond	-1 182 126	-13 941 409	-14 324 409	-13 324 409	-8 324 409	-8 324 409
Dekning av tidligere års merforbruk	0	0	0	0	0	0
SUM DISPONERINGER ELLER DEKNING AV NETTO DRIFTSRESULTAT	7 640 344	-1 730 013	2 134 986	1 058 164	3 000 839	4 386 396
FREMFØRT TIL INNDEKNING I SENERE ÅR	-57	0	0	0	0	0

3 Investeringsbudsjett

Investeringsbudsjettet 2027-2030

Oversikten viser kvart enkelt prosjekt i investeringsrekneskapen og korleis desse er finansiert.

Prosj.nr	Prosjektbeskrivelse	Regnskap 2025	Budsjett 2026	Budsjett 2027	Budsjett 2028	Budsjett 2029	Budsjett 2030
3107	Husbanken						
	Avdrag på lån til videre utlån	924 998	1 135 653	1 200 474	1 250 272	1 304 319	1 358 570
	Videreutlån av lånte midler	7 846 245	12 000 000	12 000 000	12 000 000	12 000 000	12 000 000
	Avsetning til ubundne investeringsfond	854 519	0	0	0	0	0
	Bruk av lån til videreutlån	-7 846 245	-12 000 000	-12 000 000	-12 000 000	-12 000 000	-12 000 000
	Mottatte avdrag på videreutlån	-1 779 517	-1 135 653	-1 200 474	-1 250 272	-1 304 319	-1 358 570
3112	KLP egenkapitalinnskudd						
	KLP - egenkapitaltilskudd	657 161	696 000	783 400	783 400	783 400	783 400
	Overføringer fra driftsregnskapet	-657 161	-696 000	-783 400	-783 400	-783 400	-783 400
3119	Konsesjonssak Kilandsfoss						
	Kjøp av aksjer og andeler	5 000 000	5 000 000	5 000 000	5 000 000	0	0
	Bruk av ubundne investeringsfond	-5 000 000	0	0	0	0	0
	Overføringer fra driftsregnskapet	0	-5 000 000	-5 000 000	-5 000 000	0	0
3134	DDA bredbåndsutbygging Skjeggedal						
	(Investering) Lønn engasjement/prosjektarbeid	35 151	0	0	0	0	0
	(Investering) Pensjonsinnskudd og trekkpliktige forsikr. ordn.	5 273	0	0	0	0	0
	(Investering) Arbeidsgiveravgift	4 285	0	0	0	0	0
	Bygg-/anleggstjenester og nybygg/nyanlegg	0	1 785 000	0	0	0	0
	Merverdiavgift som gir rett til mva.kompensasjon IA	0	446 250	0	0	0	0
	Kompensasjon for merverdiavgift IA	0	-446 250	0	0	0	0
	Refusjon fra fylkeskommuner	-44 709	0	0	0	0	0
	Overføring fra fylkeskommuner	0	-1 570 000	0	0	0	0
	Overføringer fra driftsregnskapet	0	-215 000	0	0	0	0
3434	Sal av fast eigedom/tomt						
	Avgifter, gebyrer og lisenser	15 095	0	0	0	0	0
	Grunnerverv	50 000	0	0	0	0	0
	Avsetning til ubundne investeringsfond	258 783	0	0	0	0	0
	Salg av fast eiendom	-273 878	0	0	0	0	0
	Bruk av ubundne investeringsfond	-50 000	0	0	0	0	0
3435	Frikjøp av rettigheter over vannverkets eiendommen - Gjøv vannverk						
	Grunnerverv	402 000	0	0	0	0	0
	Overføringer fra driftsregnskapet	-402 000	0	0	0	0	0
3480	Fiber til kommunale utleieboliger						
47	Nytt utstyr tekisk avdeling	Vi ser det er behov for noe utskifting av utstyr til teknisk avdeling. Tiltaket inkluderer tilhenger, strøkasse og feieaggregat til hjullaster. Dagens strøkasse er tilpasset den tidligere lastebilen, og passer ikke nåværende lastebil. Den er også slitt (kostnad kr. 80.000). Feieaggregatet til hjullaster er ødelagt, og vanningsfunksjon virker ikke. Dette betyr mye støv ved vårrengjøring (kostnad kr. 200.000). Man ser også et behov for en større tilhenger med større lasteevne til kjøring av utstyr ut av Åmli sentrum, her vil det bli innbytte av en mindre henger (kostnad kr. 80.000). Tiltaket lånefinansieres.
48	Nytt ventilasjonsanlegg skytebane Åmlihallen	Inneklima ved skytebanen i Åmlihallen er nå ikke i henhold til standard. Dette skyldes delvis ventilasjonsanlegg av eldre dato og delvis økt bruk. Tiltaket ligger inne i handlingsprogrammet til Plan for idrett og fysisk aktivitet. Kostnad inkluderer fjerning av eksisterende anlegg, montering av nytt, samt etablering av nytt avtrekk helt bak i lokalet ved skyteskivene. Dette er i tråd med anbefalinger for skytebaner. Vi ønsker å se på mulighet for å gjøre dette som et samtiltak med kultursal. Tiltaket er spillemiddelberettiget med 33%, kostnad over reflekterer dette. Tiltaket lånefinansieres.
49	Nødstrømsaggregat ÅPOS	ÅPOS har i dag ikke eget nødstrømsaggregat til bruk ved strømbortfall. Planen er at en skal bruke et mobilt strømaggregat som en i dag deler med vann og avløp. Det vil si at en må kople i fra strømaggregatet når det er behov for å bruke dette til vannforsyning osv. I dagens usikre verden ønsker en å gå til anskaffelse av et eget permanent installert strømaggregat for ÅPOS, som starter automatisk ved strømbortfall og variasjoner i nettspenning osv. Dette vil gi en tryggere og sikrere løsning enn dagens løsning der en skal tilkalle teknisk vakt som deretter skal rykke ut og hente aggregatet fra lager, samt at en er avhengig av en autorisert elektriker til å gjennomføre endelig oppkopling av aggregatet. Med et eget aggregat til ÅPOS vil en få en sikker strømforsyning ved strømbortfall. En planlegger å lånefinansiere tiltaket med kr. 800.000, med en nedbetalingstid på 10 år.
50	Ombygging kontorlandskap NAV	Sikkerhetskravene til NAV stat blir ikke møtt i dagens kontorløsning, og det er derfor sett på hvordan dette kan løses. Tiltaket innebærer å flytte NAV fra første til andre etasje. Dette vurderes som den mest hensiktsmessige og økonomiske løsningen. Kirkekontoret må dermed flyttes ned til første etasje. Ombyggingen vil blant annet innebære etablering av lydisolerte skillevegger, nye dører og adgangskontroll. Kostnaden er foreløpig estimert til ca 500 000 kroner.
51	Oppgradering 2 stk omssorgsboliger	Tiltak 52 fra 2026: Oppgraderingen av aldersboligene gjøres tilsvarende tidligere utførte oppgradering av aldersboligene med adresse Gata 28 og Gata 30. Altså uten tilskudd fra Husbanken og derav uten noen bindinger til bruksformålet fremover. Dette prinsippet skal også følges videre ved fremtidig ooppgradering av de totalt ti aldersboligene i to rekker bak ÅPOS. Oppgradering av Gata 28 og Gata 30 ble gjennomført med et budsjett på kr 850 000 pr leilighet. Det innvilges herved kr 950 000 or leilighet, finansiert som låneopptak.
52	Parkeringsplasser Elvestien	Utvidelse av parkeringsplasser ved Hegna og Elvarheim. Estimert totalkostnad er kr. 1.500.000. Hegna: Utgraving og gruslegging. Estimert pris kr. 100.000. Elvarheim: Påfyll av masse og bygging av natursteinsmur for å heve terrenget. Estimert pris kr. 1.400.000. Vi har fått tilskudd fra Miljødir. ifm. statlig sikring på 50% til tiltaket. Egenandel er altså kr. 750.000. Vi har allerede kr. 200 000 til tiltaket (vedtatt budsjett 2026 til elvekulturstien, tiltak 54). Det mangler derfor kr. 550.000 til gjennomføring av tiltaket. Tiltaket lånefinansieres.
53	Reguleringsplan boligtomter Åmli sentrum	Viser til punkt 80 i økonomiplan 2026. Her settes det av kr. 200.000 til oppstart av reguleringsarbeid av boligtomter i Åmli sentrum. Dette arbeidet er i gang, men etter vurdering vil ikke kr. 200.000 dekke kostnaden, og rammen for dette arbeidet oppjusteres til 400.000. Tiltaket lånefinansieres med nedbetaling over 10 år.
54	Rehabilitering Stasjonsbygget	Stasjonsbygningen er et viktig kulturhistorisk bygg i Åmli, og huser i dag bibliotek og voksenopplæring. Det er et betydelig behov for utbedring av bygget, det er bl.a. mye fukt i både tak og kjeller. Da bygget er verneverdig trengs det faglige innspill på hvilke løsninger som er akseptable, dette blir utført høst 2026. I første omgang er ønsket å rehabilitere taket, dette ønsker vi å gå i gang med i 2028. Det blir undersøkt muligheter for spillemidler eller annen delfinansiering. Tiltaket lånefinansieres.
55	Solskjerming ungdomsskolen	Eksisterende solskjerming er defekt. B-fløyen ble tatt i 2026, nå gjenstår bare A-fløyen/ungdomsskolen. Ønskes utført tidlig vår 2027. Lånefinansieres.
56	Utredning fremtidig behov sykehjem	Det skal gjennomførast eit forstudie som første fase i arbeidet med framtidig ombygging og tilpassing av Åmli sjukeheim. Forstudiet skal avklare behov, funksjonelle løysingar, omfang og kostnader for den vidare investeringa i eksisterande bygningsmasse. Arbeidet skal danne grunnlag for val av konkret løysing og vidare prosjektering og gjennomføring. Det setteast av 400 000 kroner i 2027, finansiert med lån

Nr.	TILTAK	KOMMENTAR
57	Åmli RA - Rehabilitering flokkuleringsbasseng	Åmli RA rehabilitere flokkuleringsbasseng etter rapport utarbeidet i 2021, kr 1 200000,- Prosjektering og byggeledelse kr 200 000,- i tillegg kommer prisstigning. Lånefinansieres med kr 1 800 000,- med en nedbetalingstid på 40 år og kostnadene dekkes inn over VA - gebyrer
Åmli sokn		
58	Maling Tovdal kyrke	Tovdal kyrkje vart sist måla i 2014, og den vart vaska i 2021. Denne kyrkja er svært utsett for svart sopp, og er allereie no svært stygg igjen. Den vart vaska igjen våren 2025, men den vil trenge ny måling om få år.
59	Maling Åmli kyrkje innvendig, restaurering/skifte vindauge	Innvendig trengs det til reingjering og måling av både tak og vegger. Her må ein også reparere, evt skifte nokre vindaugsglas. Det er også ønskeleg med ein heilskapleg innvendig tilstandsrapport i Åmli Kyrkje.
60	Maling Åmli kyrkje utvendig	Tiltaket sjåast i samanheng med tiltak 62 og er ein del av rehabilitering av Åmli kyrkje. Rehabiliteringa skal sikre bygningsmassen, forlenge levetida og gi ei varig oppgradering av kyrkja. Åmli kyrkje vart sist måla i 2012, og byrjar å bli veldig målingsslitt. Det vil også bli utført noko tømrararbeid grunna råteskader. Reperasjon av tak og utvendig måling bør gjerast samtidig, då det må monterast stillas rundt heile kyrkja.
61	Opparbeiding av minnelund på Åmli kyrkjegard	Det er i plan for utviding av Åmli kyrkjegard lagt inn plass til minnelund. Det må det framleis, men kyrkjeverje har også sett seg ut eit mogleg område på eksisterande kyrkjegard der ein kanskje kan anleggje ein liten minnelund, del av felt E. Dette området er ikkje brukbart for kistegravlegging.
62	Reperasjon tak Åmli kyrkje	Tiltaket sjåast i samanheng med tiltak 60 og er ein del av rehabilitering av Åmli kyrkje. Rehabiliteringa skal sikre bygningsmassa, forlenge levetida og gi ei varig oppgradering av kyrkja. Det har dei seinare åra ramla ned skiferstein frå taket på Åmli kyrkje. Taket er tett pr nå, men begynner å bære preg av alder. Takvindauga er svært dårlege, og fleire skiferstein begynner å løsne.
Skatt, overføringer, renter og avdrag		
63	Utlån av Husbankmidler	I tråd med vedtak i K-sak 25/44 vert opptak av lån til vidareutlån, i form av startlån, vidareført med kr 12 mill. årleg.

Tenesteområde

5.1 Skule og SFO

Statlege føringar

- Meir systematisk arbeid med lesing og grunnleggande ferdigheiter, med særleg merksemd på 1., 2., 5. og 8. trinn.
- Regjeringa sitt leseløft vidareførast frå 2026, med mål om å auke leseferdigheitene til norske elever.
- Tilskotsordninga til fysiske læremidlar og bøker i barnehage blir auka.
- Ein meir praktisk og fysisk skule – Betre læring, motivasjon og trivsel på 1.–10. klasse.
- Auke tilskotsordninga for utstyr og læringsarenaer som bidrar til meir praktisk læring.
- Utvikle nye lærings-støttande prøver, som skal erstatte kartleggingsprøver på 1. trinn, samt nasjonale prøvar på 5. og 8. trinn.
- Skulefritidsordninga (SFO) skal bli meir tilgjengeleg for alle elevar.
- 12 timar gratis SFO på 1. – 3. trinn vidareførast.
- Regjeringa legger opp til en streng linje mot digitalisering av dei lågaste trinna. Digitale ferdigheiter fjernes som grunnferdighet i læreplanane. Kunstig intelligens skal som hovudregel ikkje brukast i barneskolen.

Hovudutfordringar

- Kontinuerleg systemarbeid for kvalitetsutvikling innanfor skuleprestasjonar og elev/læringsmiljø.
- Sikre godt samsvar og samvirke mellom lokale føringar, satsingsområde og planverk.
- Jobbe målretta med førebygging for å styrke den ordinære undervisninga.

Hovudprioriteringar i økonomiplanperioden

- Ha gode rutinar for at utvikling skjer i eit inkluderande læringsfellesskap.
- Utvikle profesjonsfellesskapet.
- Vidareutvikle det systemiske arbeidet i «laget rundt barnet»
- Ha god praksis etter lokale planar.

For Vaksenopplæringa

- Sikre kommunal opplæring for dei med særskilde og medisinske behov.
- Sikre grunnskuleopplæring for dei med behov gjennom kjøp av plassar frå andre kommunar.
- Tilby opplæring i norsk og samfunnskunnskap for dei med rett og plikt.

5.2 Barnehage

Statlege føringar

- Vidareføring av makspris med kr 700,- per månad i sentralitetssone 5 og 6 for fulltidsplass.
- Tilskotsordninga til fysiske læremidlar og bøker i barnehage blir auka.
- Tilskot til toppa bemanning blir vidareført.
- Ny forskrift om finansiering av private barnehagar.
- Midlar til vidareutdanning for tilsette i barnehagar vidareførast.

Hovudutfordringar

- Rekruttere og behalde tilsette med kompetanse etter etterspurd behov.

Hovudprioriteringar i økonomiplanperioden

- Ha godt og variert barnehagetilbod.
- Inkluderande praksis som satsingsområde.
- Ha god samanheng mellom avslutta prosjekt, satsingsområde, lokale og nasjonale planar.

5.3 Flyktning

Statlege føringar

- Føringar for integreringsarbeidet legger vekt på at fleire innvandrarar skal lære seg norsk, komme i arbeid og bli økonomisk sjølvforsørga.

Hovudutfordringar

- Sikre godt og rett tverrfagleg samarbeid i tenesta.
- Ha eit godt og tilpassa planverk
- Kunne møte uføresette endringar i tenesta med rett kapasitet til rett tid.

Hovudprioriteringar i økonomiplanperioden

- Ha på plass rutinar og gode mellom flyktningtenesta til andre kommunale tenester.
- Ha beredskapsplanar for mottak av nye flyktningar etter vedtak.
- Ha gode rutinar og samarbeid ved særskilde behov utover gjeldande regelverk.

5.4 Sosialt førebyggjande arbeid

Statlege føringar

Barnevern

- Barn og unge som treng hjelp frå barnevernet, skal få tidleg og tverrfagleg hjelp som møter behova deira, og som bidreg til positiv endring for barnet.
- Foreldre skal få hjelp og støtte til å yte god omsorg for barna sine.
- Barn, unge og familiane deira skal møte kommunale tenester som i tråd med barnevernsreforma gir tidleg hjelp.

Helsestasjon og skolehelsetjenesten

- Det er ingen tilskot til styring av helsestasjons- og skolehelsetjenesen i 2027. Det blir gitt tilskot for å styrke psykisk helse barn og unge. Dette blir disponert av psykisk helse i tett samarbeid med skolehelsetjenesten.
- Nye fokusområder innen veilederen for barselomsorgen fra 2027

Frisklivsentralen

- Det forebyggende arbeidet ved Frisklivssentralen er forankret i Nasjonal helse- og samhandlingsplan 2024–2027. Målet er å styrke forebyggingen, redusere sosiale helseforskjeller og avlaste spesialisthelsetjenesten.
- Frisklivstilbud er et satsingsområde for regjeringen i 2027, men midlene kommer til kommunen over rammen. Kommunen må selv prioritere hvor mye penger vi skal bruke.

Hovudutfordringar

Barnevern

- Vidareutvikle tenesta i tråd med samarbeidsavtalen for interkommunalt barnevern.

Inkludering av barn og unge

- LOS: Sikre god oppfølging av ungdom med kontrakt frå Åmli.
- SLT: Sikre eit godt samarbeid med politiet og laget rundt barnet i det førebyggjande arbeidet.

Kulturskulen:

- Vere ein arena for å inkludere og hindre utanforskap og vere tilgjengeleg for alle som ønsker å delta.
- Legge til rette for brei rekruttering
- Ha mangfaldig fagleg innhald

PP-Tenesta

- Vidareutvikle tenesta i tråd med samarbeidsavtalen for interkommunal PP-teneste.

Barnekoordinator

- Koordinere tenestetilbodet rundt barn og unge med behov for langvarige helse- og omsorgstenester, og sikre framdrift i hjelpeprosessen.
- Ha kjennskap til tenestene i kommunen og sikre at familiar får nødvendig informasjon og rettleiing

Helsestasjon- og skolehelsetjenesten

- Oppfylle de nasjonale rettningslinjene ifht barnekontroller og vaskinering. Oppfølging av barnefamilier.
- Økt tilgjengelig for barn og unge
- Videreutvikle skolehelsetjenesten
- Jobbe tverrfaglig

Jordmortjenesten

- Oppfylle de nasjonale rettingslinjene med god faglig oppføling av gravide og ny fødte kvinner og familien.

Frisklivssentralen:

- Oppfylle de nasjonale føringene.

Nav:

- Kommunen kan stille vilkår om aktivitet ved tildeling av økonomisk stønad etter sosialtjenesteloven. Kan vere utfordrande å få til ei forutsigbar oppfølging av lovpålagt aktivitetsplikt for tjenestemottakere under 30 år, samt legge til rette for tilpassa aktivitet for alle som mottar stønad etter sosialtjenesteloven.

Hovudprioriteringar i økonomiplanperioden

Barnevern

- Bidra til godt samarbeid i tråd med samarbeidsavtalen for interkommunalt barnevern.
- Sikre god lokal samhandling i det førebyggjande arbeidet i tråd med føringane i oppvekstreforma og barnevernslova.

Inkludering av barn og unge

- LOS: Vere tett på elevane med samarbeidskontrakt i vidaregåande skule.
- SLT: Arbeide for å vidareutvikle det rus og kriminalitetsførebyggjande arbeidet på lokalt nivå

Kulturskulen:

- Arbeide kontinuerleg for å kunne tilby eit bredt, variert og relevant fagtilbod.
- Arbeide kontinuerleg med å legge til rette for eit fagtilbod som fremmer mangfald og inkludering.
- Arbeide kontinuerleg med rekruttering.

PP-Tenesta

- Bidra til godt samarbeid i tråd med samarbeidsavtalen for interkommunalt PP-teneste.

Barnekoordinator

- Vere kontaktperson for familiar og tilsette.
- Sørge for godt og heilskapleg samarbeid mellom tenestene rundt barnet.
- Sørge for framdrift i arbeidet med individuell plan.
- Jobbe tverrfaglig med fokus på laget rundt barnet.

Helsestasjon- og skulehelse tenesten

- Lavterskel tilbod til alle som ønsker veileding av helsesykepleier.
- Tilby heimebesøk etter fødsel.
- Tilby kontroll ved 4 uker, 6 uker, 3 mnd, 4 mnd, 5 mnd, 6 mnd, 8 mnd, 10 mnd og 12 mnd, 15 mnd og 18 mnd. Tilbod om konsultasjon ved 2 og 4 år.
- Tilby foreldreveilding til småbarnsforeldre.
- Det er viktig for helsestasjonen å jobbe tverrfaglig, da spesielt med helsestasjonslege, fysioterapeut, barnehage og skole. Psykisk helse og psykolog er og viktige faggrupper å samarbeide med.
- Styrke skolehelsetjenesten og fokus på laget rundt barnet.

Skulehelsetenesten

- Skulehelsetenesten er et samarbeid med skolen om å fremme elevens helse, trivsel og læring.
- Deltar med undervisningen med aktuelle tema i skolen
- Tilby helseundersøkelse og vaksinering etter nasjonale føringer
- Foreldreveiledning i samarbeid med skolen.
- Arbeide tverrfaglig rundt barn og unge sin psykiske helse opp mot den nye veilederen for barn og unge sin psykiske helse
- Være tilgjengelig og synlig på skolen
- Oppfølging av barn og unge
- Henviser til spesialisthelsetenesten ved behov

Helsestasjon for ungdom (HFU)

- Helsestasjon for ungdom (HFU) er et tilbud til ungdom mellom 12-20 år. Her er viktig å tilpasse tilbudet til skolebussene slik at ungdom som går på videregående har mulighet til å benytte seg tilbudet. Her treffer ungdommen helsesykepleier og lege. HFU er kvar onsdag fra kl 16.30 - 17.30.

Jordmortjenesten

- Har fokus på tidlig innsats og jobber tverrfaglig.
- Følger opp den gravide og familien under svangerskapet
- Gjennomfører heimebesøk til familier etter fødsel, før helsesykepleier overtar

Frisklivssentralen

- Tilby helsefremmende og forebyggende tjenester.
- Fokus på tverrfaglig samarbeid.
- Tilby innbyggere mestringskurs for livsstilsendring: Gode vaner-kurs, søvnkurs, hverdagsgledekurs, tankeviruskurs og kostholdskurs. Veilede og instruere deltakerne i gruppetreninger og undervisninger.

Nav

- Tett oppfølging av alle brukarar, og tilrettelegging av veiledning og tiltak for kvar enkelt person eller familie.
- Fokus på å bistå og veilede sosialhjelpsmottakere over på rettmessige statlege ytingar eller videre ut i arbeid.
- Gje økonomisk råd og veiledning til dei som ønsker det, slik at mi kan forebygge økonomiske utfordringer.
- Vere førstelinjeteneste som gir informasjon, veiledning, behandling og registrere søknader i samarbeid med Husbanken.
- Behandle søknader som gjeld tilskudd og startlån gjennom Husbanken sine midlar.

5.5 Helse

Statlege føringar

Psykisk helse og rus:

- Ha tilgjengelige og tverrfaglige tjenester for alle som oppholder seg i kommunen
- Tilby kunnskapsbaserte lavterskeltilbud
- Reel brukermedvirkning i utforming av tjenestene
- Systematisk involvering av pårørende

Helse

- Statlige føringer jobber for en god og tilgjengelig allmennlegetjeneste. Regjeringen ønsker å øke tilgjengelighet med digitalisering i 2026 og Åmli er med i et prøveprosjekt med kommunal nettlege sammen med de andre kommunene som er tilknyttet Arendal Legevakt.
- Oppgave fordeling mellom fastlegen og sykepleier for å avlaste fastlegen
- Det blir gitt tilskudd til ALIS også i 2027
- Det er fortsatt satsing på vaksinering av utsatte grupper når det gjelder Covid, influensa og lungebetennelse.
- Auka basistilskottet til fastlegene i 2027

Fysioterapi

- De statlige føringene er å redusere helsekøer og ventetider, samt styrke eldreomsorgen.

Hovudutfordringar

Psykisk helse og rus:

- Fortsette å utvikle tjenesten psykisk helse for barn og unge i løpet av 2027. Dette innbefatter også utvidet samarbeid med nabokommunene.
- Sikre samarbeidet mellom offentlige tjenester slik som skole, barnehage, helsestasjon, Nav, PPT og psykisk helse.
- Ha fokus på gruppetilbud og utvikling av dette. Dette må sees i sammenheng med innsatstrappa.

- Vill vekst for ungdom frem mot våren 2027
- Dagtilbud
- Tankevirus for voksne
- Turgruppe for unge voksne menn

Hovudprioriteringar i økonomiplanperioden

Psykisk helse og rus:

- Sikre at tjenesten oppleves som tilgjengelig og kompetent for Åmli kommune sine innbyggere.
- Øke befolkningens kunnskap om psykisk helse og forebygging.
- Rekruttere psykolog i henhold til gjeldene budsjett

Legekontor

- Innen helse er det viktig å ha rett kompetanse. Åmli legekontor har leger og sykepleier / fagarbeider på plass. Åmli legekontor i 3 fastleger.
- Legekontoret må ivareta pasienter med flere utfordrende tilstander. Sykehuset sender ut pasienter til kommunen som før ikke ville hatt status ferdigbehandlet. Det blir forventet at fastlegekontoret skal klare å tilpasse seg nye oppgaver raskt. Dette krever rett og kvalifisert kompetanse.
- Det er fokus på inntekter ved kontoret. Basistilskuddet er dei siste økt for Åmli, vi er definert som usentral kommune og har mange eldre, innbyggere bruker fastlegetjenesten mer enn andre, og fordeling mann/kvinne på fastlegelistene er en indeks, og Åmli får av den grunn et høyere basistilskott pr listepasient. Basistilskottet kjem via rammetilskottet til kommunen. Fokus på rett taksting gjør at inntektene er økende ved kontoret. Til sammen er indikatorene ment å reflektere et bilde av behovet for fastlegetjenester på en fastleges liste.
- Tilrettelegge for ALIS utdanning et krav for nye fastleger at de enten er spesialist i allmennmedisin, eller begynt på et spesialiseringsløp ALIS. Åmli har en fastlege som er under spesialisering i allmennmedisin fra 2026.
- Det er økt fokus på kommuneoverlegeoppgaver. Tverrfagligsamarbeid er viktig for kommuneoverlegen. Kommuneoverlegen skal være med i utarbeiding av ulike overordnet planer i kommunen.
- Det er viktig med nok legesekretær/sykepleier ressurser ved legekontoret. De utfører viktige oppgaver som kundehåndtering pr. Telefon og på venterommet, sårstell, blodprøver, EKG, infusjoner, vaksineringer, bistand ved legekonsultasjoner osv. Ved for liten ressurs her, må legene gjøre oppgaver de egentlig kan utføre, men som ikke utløser takstning av egenandel og refusjoner.

Fysioterapi

- Våre fysioterapeuter har fokus på tidlig innsats i alle aldre.
- Det har vært stort fokus på barnehagene og skolene. Det er startet opp med skoliosekartlegging, dette er nasjonale råd som er blitt tatt inn i planene.
- Hverdags rehabilitering er en tjeneste som er viktig for de eldre med funksjonsfall, erfaring viser at de klarer seg med mindre tjenester etter 4-6 uker med intensiv trening.
- Fysioterapeutene har i 2025 startet opp med eldretrening i distrikta, noe som har blitt populært. Dette videreføres i 2027.
- Tjenesten tilbyr kurativbehandling i noen grad.

Ergoterapi

- Jobber tverrfaglig for å alle skal kunne klare seg selv mest mulig. Tverrfagligsamarbeid er her viktig.
- Har fokus på hjelpemidler og tildeling.
- Jobber sammen med Tjenestekontor for å tildele tjenester på rett nivå. kartlegger behov for tjenester sammen med tjenestekontoret sine ansatte og utøvende tjenester.
- Er med å drifte tiltak som Hverdagsrehabilitering og Frisklivssentralen.
- Ergoterapeuten er demenskoordinator i kommunen, og koordinerer tjenesten sammen med ett team.

5.6 Omsorg

Statlege føringar

Eldreomsorgen:

- Utbygging av heldøgn omsorgsplasser med omlag 1750 boliger
- Bo trygt hjemmereformen – blir videreført i 2027. Dette er for å utsette behov for helse- og omsorgstjenester ved å ruste opp eldres sine egene hjem. Det er bevilget 90,6 mil.
- Aktivitet, frivillighet og "eldrekrafta". Dette er en viktig føring for å forebygge ensomhet og sikre mer aktiv alderdom for å avlaste det formelle tjenesteapparatet. Det er satt av 91,3 mill.
- Raskere helsehjelp og høyreapparatgaranti. Målet er at ventetiden skal være maksimalt 4 mnd.

Teneste for funksjonshemmede:

For 2027 (budsjettanslag):

- Inslagspunkt: 2 124 00 kroner (stipulert innslagspunkt, jf. Forventa lønnsvekst)
- PU-verdi: 743 368 kroner.
- «Egenandel 1»: ca. 370 kroner per innbyggjar.

Tilleggskompensasjon:

- Ordninga blir vidareført.
- Terskelverdi: 5 500 kroner per innbyggjar (anslag).

Hovudutfordringar

Eldreomsorgen:

- I 2027 vil det være fokus på organisering av tjenesten/ledelsen og utvikling av ÅPOS for å møte framtiden med flere eldre.
- Rett tjeneste nivå, til rett tid. Vi har 120% stillingsressurs på tjenestekontoret i 2027. Samarbeid mellom bestillerenheten og utfører av tjenestene blir viktig.

Institiusjonen

- Institusjon jobber med å få rett kompetanse på sjukeheimen, rekruttering av sykepleiere er en gjentagende utfordring.
- Oppgavefordeling mellom yrkesgruppene og kompetanseheving for å lykkes med oppgavefordeling, er i startgropa nå, med fagkoordinatorsatsing.
- Gode pasientforløp og gode overganger mellom tjenestene.

- Et tett og godt tverrfaglig samarbeid
- Kommunen har ikke nok tilrettelagte institusjonsplasser / heldøgnsomsorgsplasser for personer med demens.
- Ta imot lærlinger, ein ny hvert år, innan helsefaget

Heimetenester:

- Heimesjukepleien jobber med å få rett bemanning og rett kompetanse. Tjenesten opplever flere pasienter og med økt hjelpebehov. Tildeling av rett tjeneste nivå er viktig. Tjenestekontoret har en viktig forvaltningsoppgave slik at det blir en rett tjeneste til rett tid.
- Kartlegging av behov for hjelpemidler som rullatorer, rullestoler, senger osv, samt søke og få tak i hjelpemidlene er viktig for å kunne bo lengst mulig hjemme.
- Velferdsteknologi og digitalisering er viktig i tida framover, vi har kommet godt i gang.
- Vi har nå 4 elbiler og 1 fossilbil i hjemmetjenesten
- Hverdagsrehabilitering blir gitt som tilbud til hjemme trening blir gitt til eldre med tilbud over 4 uker
- Kommunen har Kreftkoordinator i 20% som har oppfølging av kreftpasienter
- Kommunen har Demensteam som gjennomfører heimebesøk og oppfølging. Samt gir tilbud om Pårørendeskole hvert 2 år.
- Syn- og hørselskontakten er et viktig tilbud til innbyggerene i kommune.

Teneste for funksjonshemmede:

- Rett rekruteringskompetanse
- Bedre tverrfaglig samarbeid innad i kommunen og bedre samarbeid med spesialisthelsetjenesten.

Hovudprioriteringar i økonomiplanperioden

Eldreomsorgen:

- Tenestene skal tildelast på rett nivå og til rett tid. Det førebyggjande arbeidet skal ha merksemd, mellom anna gjennom kvardagsrehabilitering. Dagtilbod for heimebuande skal bidra til å førebyggje einsemd. Frisklivstilboda som fysioterapeutane gir til eldre, er òg ein viktig del av dette arbeidet.
- Det blir viktig å satse på velferdsteknologi og helseteknologi. Dette vil være med å gjøre det å bo hjemme tryggere. Det er utarbeidet strategiplan for helseteknologi og denne skal opp til polittisk behandling i 2027. Vi har begynt med elektronisk medisindispenser, digitalt tilsyn og kamera. I tillegg har vi kjøpt inn system for fallforebygging og varsling på institusjon i form av radarteknologi.
- Vi har 2026 innført langvakter, og enheten jobber videre med dette i 2027.
- Der er fagansvarlig på institusjon og i heimetjenesten. Dei har fokus internundervisning for å auke kompetansen på sentral fagområder til alle ansatte. Vi har en avtale med MER – kompetanse for e-læringskurs satt i system, pr. kompetanse
- Kjøkkenet blei i 2026 utbedret, og der et stort fokus på utvikling av kjøkkenet og produksjonsmulighetene. Innføring av kok/kjøl i starten av 2027.
- Tilgang på bolig i sentrum for eldre i kommunen må få økt fokus: Regjeringa legger opp til å støtte flere omsorgsboliger med tilskudd via husbanken i 2027.
- Dagaktivitetstilbod til personer med demens utenfor institusjon (lovpålagt tjeneste) har vært en utfordring med å rekruttere brukere til. Dette pga reiseavstand og lav interesse. Vi har derfor videreutviklet dette med et annet konsept, som gir mer oppfølging til målgruppen i pasienten sitt eget hjemmet.
- Hjemmehjelpstjenesten har vært i endring, og det vil i framtida være viktig å få ut informasjon om hva tjenesten tilbyr og ikke tilbyr.

Teneste for funksjonshemmede:

- Motiverte medarbeidere med fokus på fagutvikling. Trivsel og nærvær til arbeidsplassen for den enkelte arbeidstaker.
- Utvikle gruppedynamikk og aktiviteter på kryss av tjenesteområder for bedre livskvalitet og bedre tjenester.
- Tilpasset dagsentertilbud for den enkelte.

5.7 Infrastruktur

Statlege føringar

- Utbygging av veg og annan infrastruktur for at folk skal kunne bu, og bedrifter skal kunne skape arbeidsplassar og verdiar, i heile landet.

Hovudutfordringar

- Oppretthalde ein god standard på det kommunale vegnettet og utføre eit kostnadseffektivt vedlikehald.
- Oppgradere og vedlikehalde vegnett tilpassa auka krav til akseltrykk og lengde på tungtransport
- Telefondekning for alle fastbuande og hytte områdar.
- Tilgang til høghastighetsnett for flest mogleg husstandar, enten gjennom fiberkabel eller gjennom trådlaust nett.

Hovudprioriteringar i økonomiplanperioden

- Investering i fornying av utstyrsparken til teknisk drift for å sikre effektiv og stabil drift av kommunens vegvedlikehald.
- Med omsyn på elektronisk kommunikasjonsnett vil det vere viktig at Åmli kommune tar ei koordinerande rolle knytt til utviding av fiberløysningar og etablering av 5G i samanheng med at kobbarnettet er lagt ned, slik at flest mogleg av kommunens fastbuande og feriebustader får god dekning for telefoni og høghastighetsnett.

5.8 Prosjekt

Statlege føringar

- For prosjekter i kommunens prosjektportefølje er det en stor del av dei som samsvarer med statlege føringar. Dette gjeld spesielt med omsyn på oppgradering og utbygging av bustadar og institusjonsplassar til eldre, oppgradering av kommunens vatn- og avlaupssystem og tiltak for å betre forholda for folkehelse.

Hovudutfordringar

- Prosjekter knytt til satsingsområda krevjar mykje ressursar å utføre, og med ein stor prosjektportefølje kan det ta tid frå prosjekta vert vedtekne til dei er avslutta. Dette avhenger av prosjektets kompleksitet. For å få ei hensiktsmessig gjennomføring av prosjekt innanfor bygg- og anlegg må det påreknas ein prosess på to til tre år på større prosjekt for å få ei forsvarleg og hensiktsmessig gjennomføring, der leverandørane får tilstrekkeleg tid før oppstart og til ferdigstilling.

Hovudprioriteringar i økonomiplanperioden

- I økonomiplanperioden er det prioritert å ha nok prosjektleiarar til å gjennomføre dei vedtekne prosjekta. Kommunen har derfor tilsett ein ekstra prosjektleiar i eit toårig engasjement. Auka prosjektleiarkapasitet og endringar i etterspurnaden på leverandørsida har gjort at arbeidet med å ta att etterslepet no følgjer planen. Dette gjer det òg mogleg å gjennomføre nye vedtekne prosjekt på ein effektiv og føremålstenleg måte.

5.9 Vatn og avlaup

Statlege føringar

- Implementere nye krav til drikkevassforsyning i høve til reviderte krav i drikkevassforskrift. Samt auke tryggleiken rundt produksjon og distribusjon av drikkevatn.

Hovudutfordringar

- I liket med dei fleste kommunar i landet er det utfordringar knytt til eit aldrande vatn- og avlaupsnett som medfører stort behov for renovering med påfølgjande kostnader. I tillegg har Åmli ei spreidd busetting som krev drift av fleire vassverk og avlaupsreinseanlegg med få tilknytte abonnentar.

Hovudprioriteringar i økonomiplanperioden

- Rehabiliteringsplanar VA-anlegg og leidningsnett for å sikre rett prioritering ved oppgradering av leidningsnett og anlegg. Rehabilitering av vatn- og avlaupsnettet gjennomførast i henhald til planane for å sikre sikker leveranse av god kvalitet til hustandar og næringsliv.
- Revidering av hovudplan for vatn og utarbeiding av ny hovudplan for avlaup planleggast gjennomført i løpet av økonomiplanperioden.
- Gjennomføre tiltak for auka sikring av VA anlegg
- Det nye høgdebassenget bygget i 2024 i Åmli, er med på å sikre god forsyning av vatn med høg kapasitet på leveranse også av brannvatn i Åmli sentrum.

5.10 Reinhald

Hovudutfordringar

- Gjennomføre eit effektivt og godt reinhald der dei tilsette får ein variert arbeidsdag, utan unødvendige belastningar frå tungt og einsidig arbeid.
- Vaskemaskinene i Beverborga og Dølemo barnehagar er defekte. Det er behov for å skifte ut begge maskinene for å sikre den daglege drifta.
- Reinhaldsbilen skal stå utandørs ved Åmlihallen. Fjerning av snø og is om vinteren fører til ekstra tidsbruk og fysisk belastning.
- Reinhaldstenesta har behov for eit eigna pauserom som òg kan nyttast til interne møte og samtalar i ro og skjerma frå andre.

Hovudprioriteringar i økonomiplanperioden

- Betre dei ergonomiske tilhøva gjennom bruk av lettbrukte og effektive reinhaldsmaskiner. Arbeidet skal i størst mogleg grad organiserast som teamarbeid for å bidra til ein triveleg og variert arbeidskvardag.
- Prioritere innkjøp av to nye vaskemaskiner, éi til Beverborga barnehage og éi til Dølemo barnehage, som erstatning for dei defekte maskinene.
- Arbeide for etablering av ein carport for reinhaldsbilen ved Åmlihallen, i samarbeid med ansvarlege for kommunale bygg. Ein carport vil redusere behovet for snørydding og isskraping, lette arbeidet om vinteren og skjerme bilen mot vêr og vind.
- I samarbeid med ansvarlege for kommunale bygg finne og leggje til rette eit eigna pauserom for dei tilsette i reinhaldstenesta. Rommet skal òg kunne nyttast til interne møte og samtalar.

5.11 Kommunale bygg

Hovudutfordringar

- Dei fleste kommunalt eigde bygg er av eldre dato, og mange av dei har eit stort behov for vedlikehald, modernisering og renovering. Tilstanden på bygningsmassen som ikkje har blitt renovert krev mykje vedlikehald og reparasjonar.
- Auka energikostnadar fører til stor belastning på driftsbudsjettet i form av auka straumrekning.

Hovudprioriteringar i økonomiplanperioden

- Det blir arbeidd systematisk med å renovere og oppgradere dei kommunale bygga. Dette arbeidet fører til redusera vedlikehaldskostnader, redusera energibruk og auka trivsel for brukarane.

For å redusere framtidige utgifter til oppvarming og vedlikehald leggast det vekt på investering i oppgradering av bygningsmassen, bedra energistyring og etablering av energieffektive oppvarmingssystem og ventilasjonsanlegg, med utgangspunkt i prioriteringar frå utarbeidd energiplan for kommunens bygg.

5.12 Plan- og byggesak

Statlege føringar
Nasjonale forventninger til regional og kommunal planlegging 2023 – 2027' er det mest overordna statlege dokumentet som gir retning til planlegging i kommunar dei komande 4 åra. Regjeringa har 72 forventningar frå regjeringa innan temaene:

- Samordning og samarbeid i planlegging
- Trygge og inkluderande lokalsamfunn
- Velferd og berekraftig verdiskaping
- Klima, natur, miljø
- Samfunnssikkerheit og beredskap

Hovudutfordringar

- Utarbeide planar for arealbruk som tek nødvendige omsyn til statlege føringar, samtidig som Åmli kommunes behov for vekst og utvikling blir ivareteke.

Hovudprioriteringar i økonomiplanperioden

- I perioden prioriteres det å oppdatere kommuneplanens arealdel, slik at den samsvarer best mogleg med dei overordna føremål som ein ynskjer for arealbruken. I tillegg er det eit sterkt ønskje om å starte opp med rullering av sentrumsplanen i lys av mykje utvikling og rullering av kommuneplanen. På grunn av behovet for fleire sentrumsnære bustadtomter er det òg nødvendig å kome i gang med regulering av eit nytt bustadområde.

5.13 Jordbruk

Statlege føringar

- Norsk landbruk er viktig for å halde oppe matsikkerheit, verdiskaping, busetjing og kulturlandskap. Regjeringa vil ta vare på det unike ved norsk matproduksjon, slik som låg medisinbruk, god dyrevelferd og ei lang verdikjede, i tillegg til bruk av norske ressursar for å leggje til rette for landbruk over heile landet.

Hovudutfordringar

- Nedgang i bruk med sauehald, og bruk av utmarksbeite
- Nedgang i kjøttforbruk
- Inntektsutvikling i næringa
- Strengare miljøkrav

Hovudprioriteringar i økonomiplanperioden

- Ivareta satsingsområde for landbruk med tilrettelegging for nydyrking og satsing på lokalmat, lokal foredling, grøn sektor, reinhavreprosjektet mv.

5.14 Skogbruk

Statlege føringar

Den norske skog- og trenæringa skal bidra til auka verdiskaping, sysselsetting og berekraftig forvaltning av fornybare ressursar. Skogen skal bidra til omstilling til eit lågutsleppssamfunn gjennom karbonopptak, lagring av karbon og produksjon av fornybare råvarer. Det skal leggjast til rette for aktiv skogforvaltning, god forynging og skogskjøtsel, eit tenleg skogsvegnett og effektiv transport av tømmer, samstundes som omsyn til naturmangfald, friluftsliv og andre miljøverdiar blir ivaretekne.

Hovudutfordringar

- Ein stor del av skogsvegnettet har ein standard som ikkje tilfredsstiller dagens krav til heilårs rasjonell skogsdrift.
- Nedgang i aktiviteten innafor skogplanting og ungskogpleie.
- Auka press på skogarealet til ulike utbyggingsformål og skogvern.
- Klimaendringar kan gi auka risiko for skogskadar som følgje av ekstremvêr, tørke, insekt og sjukdom.

Hovudprioriteringar i økonomiplanperioden

- Sikre tilgangen til skogressursane og effektiv transport gjennom opprusting og vidareutvikling av skogsbilvegnettet.
- Bidra til økt fokus på etablering og skjøtsel av ungskog som grunnlag for verdiskaping i eit berekraftig skogbruk.
- Sikre at dei beste og mest lettdrivne skogareala blir bevart for framtidig tømmerproduksjon.
- Styrke skogbruket si evne til å møte klimaendringar gjennom førebygging av skogskader og tilpassing til framtidige klimaforhold.
- Bidra til aktiv bruk av statlege tilskotsordningar og skogfaglege verkemiddel for å fremje investeringar i skogkultur og skogsvegar.

5.15 Viltforvaltning

Statlege føringar

Viltressursane skal forvaltast på ein berekraftig måte slik at naturmangfald, artsrikdom og produktive viltbestandar blir tekne vare på. Hjorteviltbestandane skal forvaltast i balanse med beitegrunnlaget og vere tilpassa omsynet til trafikktryggleik, landbruk, skogbruk og andre samfunnsinteresser. Forvaltninga skal byggje på kunnskap om bestandane og leggje til rette for lokal medverknad og berekraftig hausting.

Hovudutfordringar

- Låg kondisjon og produksjon i elgstamma.
- Stor vekst i hjortestamma i enkelte område av kommunen.
- Minkande jegerrekruttering.

Hovudprioriteringar i økonomiplanperioden

- Leggje til rette for at størst mogleg areal inngår i grunneigarstyr og bestandsplanbasert forvaltning.
- Bidra til å betre kondisjonen og produktiviteten i elgstamma.
- Bidra til ei berekraftig forvaltning av hjortestamma i tråd med beitegrunnlag og samfunnsinteresser.
- Legge til rette for auka jegerrekruttering.

5.16 Næring og utvikling

Statlege føringar

- Investeringar og utvikling i næringslivet for å sikre eksisterande og skape fleire arbeidsplassar.
- Berekraftig verdiskaping, grøn omstilling og overgang til en meir sirkulær økonomi er aspekt som blir nemnt i de fleste samanhengar, bl.a. i FNs berekraftsmål, Regionplan Agder 2030 og regjeringas vegkart Grønt Industriløft. Her pekas det på ulike nærings- og innsatsområde med moglegheit for grøn vekst. Agder Fylkeskommune holder på å utvikle ein regional plan for grøn industri og energi, som målsettes vedtatt i 2027.

Hovudutfordringar

- Gi gode vilkår for lokalt næringsliv for å best mogleg legge til rette for nyetableringar og utviding av allereie eksisterande bedrifter.
- Tilrettelegging for videre utvikling av Jordøya og Simonstad næringsområde, her under arbeid med tomt og infrastruktur og gang- og sykkelveg og jernbane.
- Sikre framtidig krafttilgang til næringsliv og kartleggje nye, grøne energiformer.

Hovudprioriteringar i økonomiplanperioden

- Fortsette det gode arbeidet med tilrettelegging gjennom tett samarbeid med næringslivet, og tilrettelegging videre for etablering av større industri på Jordøya. Her under vil man kunne sjå på moglegheiter for nye etableringar og næringsutvikling, og promotering av Åmli som en attraktiv bo- og arbeidskommune.
- Fokus på investering og bedriftsutvikling ved offensivt næringsarbeid – serve dei som allereie er på banen, fange opp positiv aktivitet. Synleggjere tiltaksapparatet regionalt og delta i regionale samarbeid.
- Utvikle Engenes næringsområde vidare og sjå på moglegheiter for nye næringsareal, da spesielt knytt opp til lett industri og lager

5.17 Reiseliv

Statlege føringar

- Auka verdiskaping og lønnsemd i reiselivsnæringa. Utvikling av attraktive og berekraftige reisemål.
- Ivaretaking av natur- og kulturverdiar gjennom god besøksforvaltning og langsiktig reisemålsutvikling.

Hovudutfordringar

- Liten tradisjon for reiselivssatsing
- Små reiselivsbedrifter lokalt
- Bli meir synleg som reisemål

Hovudprioriteringar i økonomiplanperioden

- Utarbeide og vedta ein bredt forankre reisemålsstrategi for Åmli kommune som grunnlag for langsiktig og berekraftig utvikling av reiselivet, med tydelege mål, prioriterte satsingsområde og tiltak for auka lokal verdiskaping.
- Skape opplevingar som gjer kommunen attraktiv t.d. elvekultursti, sykkelveg, universelt tilgjengeleg badeplass m.m.
- Vidareutvikle samarbeidet med Visit Sørlandet for å styrkje marknadsføringa og synleggjeringa av Åmli som reisemål.
- Delta i regionale samarbeid, mellom anna det interkommunale samarbeidet Telemarksvegen og andre relevante nettverk, med mål om å styrkje marknadsføring og turistinformasjon.

5.18 Kultur

Statlege føringar

- Kulturlova vart revidert i 2025. Lovendringa understrekar kulturfeltet si betydning for samfunnsutviklinga og styrker kommunane sitt ansvar for strategisk kulturplanlegging. For Åmli kommune inneber dette særleg krav om å ha ei skriftleg oversikt over status og utviklingsbehov innan kulturfeltet, samt fastsette overordna mål og strategiar for kultursektoren.
- Plan- og bygningslova og kulturminnelova er dei viktigaste verktøya i forvaltninga av kulturminne og kulturmiljø. Kommunane har ei sentral rolle som plan- og vedtaksmyndigheit, og skal sikre at omsynet til kulturminne og kulturmiljø vert ivareteke i planlegging, byggjesaksbehandling og samfunnsutvikling. Dette krev systematisk kunnskapsgrunnlag og prioritering av lokale kulturmiljø.
- Staten legg vekt på at kulturpolitikken skal bidra til inkludering, deltaking, identitetsskaping og levande lokalsamfunn. Kommunane er sentrale aktørar i arbeidet med å sikre innbyggjarane tilgang til eit breitt kulturtilbod og gode møteplassar.

Hovudutfordringar

- Auka krav til kulturplanlegging
    - Revidert kulturlov medfører større krav til kunnskapsbasert planlegging og dokumentasjon innan kulturfeltet. Kommunen må utvikle eit betre grunnlag for målsettingar, prioriteringar og rapportering på kultursektoren.
- Organisering og drift av Elvarheim museum
    - Elvarheim museum er organisert gjennom eit avtalebasert samarbeid mellom Aust-Agder museum og arkiv (AAma) og Åmli kommune. Dagens samarbeidsavtale gir uklare ansvarsforhold mellom partane og skapar utfordringar knytt til langsiktig drift, utvikling og ressursbruk. Det er behov for ei meir føreseieleg og berekraftig organisering.

- Forvaltning av kulturminne
    - Åmli kommune har eit rikt kulturhistorisk mangfald, men oppfølging, prioritering og vern av kulturminne er ressurskrevjande. Kommunen har avgrensa faglege ressursar på feltet og er avhengig av samarbeid med regionale og statlege fagmiljø for å ivareta oppgåvene på ein tilfredsstillande måte.

Hovudprioriteringar i økonomiplanperioden

- Ferdigstille kultursalprosjektet
    - Sikre ferdigstilling og etablering av ny kultursal innan vedtekne økonomiske rammer. Kultursalen skal fungere som kommunen sin sentrale møteplass for kultur, frivilligheit og samfunnsliv.
- Utarbeide strategisk kunnskapsgrunnlag for kultur
    - Utarbeide den oversikta over status og utviklingsbehov innan kulturfeltet som følgjer av kulturlova, og bruke dette som grunnlag for vidare planarbeid og politiske prioriteringar.
- Utvikle berekraftig museumsorganisering
    - Utgreie alternative modellar som kan sikre ei tydeleg rollefordeling, fagleg utvikling og berekraftig drift.
- Styrke arbeidet med kulturminne
    - Vidareføre registrering og dokumentasjon av kulturminne i Askeladden og andre relevante databasar. Etablere samarbeidsforum med eksterne fagmiljø for prioritering av kulturminne og kulturmiljø, samt arbeide aktivt med å hente inn eksterne tilskotsmidlar til vern og formidling.
- Styrke samarbeid med frivillig sektor
    - Vidareføre og utvikle samarbeidet med lag, foreiningar og andre lokale aktørar for å sikre eit breitt og inkluderande kultur- og fritidstilbod til innbyggjarane.

5.19 Åmli bibliotek

Statlege føringar

- Bibliotek som er gratis, aktuelt og allsidig.
- Nasjonale føringar legg vekt på leselyst og litteraturformidling, tilgang til kunnskap, digital inkludering, kritisk medieforståing og biblioteka si rolle i å styrke demokrati og motstandskraft mot desinformasjon.

Hovudutfordringar

- Drift av eit lite bibliotek inneber fleire utfordringar, blant anna å sørgje for tilstrekkeleg tilgjengelegheit og stabilitet i drifta.
- Skulebiblioteket er ein viktig ressurs for skulen, men må driftast på ein måte som sikrar god tilgjengelegheit, samstundes som det gis eit fagleg godt tilbod til elevane.

Hovudprioriteringar i økonomiplanperioden

- Evaluering og drift av meiråpent bibliotek med sjølvbetjening som kan nyttast når biblioteket ikkje er betjent.
- Ein ynskjer å arbeide meir målretta med prosjekter for å fremje leselyst og tilpassa tilbod til fleire delar av befolkninga
- Prioritert drift av skulebibliotek i samarbeid med Åmli skule

5.20 Beredskap

Statlege føringar

- Kommunen skal ha eit systematisk og heilskapleg beredskapsarbeid i tråd med sivilbeskyttelseslova, forskrift om kommunal beredskapsplikt og nasjonale forventningar til samfunnstryggleik og beredskap.
- Kommunane er ein sentral del av totalforsvaret og skal planleggje for handtering av kriser og krig. Klimaendringar, samansette truslar, digital tryggleik og kritisk infrastruktur er peika ut som sentrale satsingsområde.
- Kommunen skal sikre nødvendig evne til krisehandtering, samordning og kontinuitet i tenestene ved uønskte hendingar og ekstraordinære situasjonar.

Hovudutfordringar

- Auka risiko knytt til ekstremvêr, naturhendingar og bortfall av kritisk infrastruktur krev kontinuerleg oppfølging og førebyggjande tiltak.
- Avgrensa ressursar og kompetanse i ein liten kommune gjer det utfordrande å oppretthalde nødvendig kapasitet innan beredskap, øving og planverk.
- Aukande digitalisering og truslar mot IKT-system stiller større krav til informasjonssikkerheit, kontinuitetsplanlegging og samarbeid med eksterne aktørar.

Hovudprioriteringar i økonomiplanperioden

- Vidareutvikle kommunen sitt heilskaplege beredskapssystem gjennom oppdatering av ROS-analysar, beredskapsplanverk og kontinuitetsplanar.
- Gjennomføre regelmessige øvingar, opplæring og samhandling med interne og eksterne beredskapsaktørar for å styrkje krisehandteringsevna.
- Styrkje arbeidet med informasjonstryggleik, digital beredskap og robustheit i kritiske kommunale tenester.

5.21 Vannområde

Statlege føringar

- Vassforskrifta legg føringar for ei heilskapleg og samordna vassforvaltning, med mål om minst god økologisk og kjemisk tilstand i naturlege overflatevassførekomstar, og godt økologisk potensial og god kjemisk tilstand i kunstige og sterkt modifiserte vassførekomstar. Miljøtilstanden skal vernast mot forringing. Arbeidet blir følgt opp gjennom regionale vassforvaltningsplanar og tiltaksprogram, i tråd med nasjonale føringar for perioden 2028 til 2033.
- FNs tiår for restaurering av økosystem (2021 til 2030), den globale naturavtalen og nasjonale føringar legg vekt på auka restaurering av forringa natur og vassdrag.
- Åmli kommune er vertskommune for det interkommunale samarbeidet i vassområda Nidelva og Gjerstad–Vegår.

Hovudutfordringar

- Fleire vassførekomstar oppnår ikkje miljømåla etter vassforskrifta. Forsuring som følgje av langtransportert forureining er ei utbreidd utfordring i vassområda. Andre påverknader er mellom anna vasskraftregulering, framande artar, landbruk, skogbruk og avløp, men omfanget og påverknadsgraden varierer mellom vassførekomstane.
- Mangelfullt kunnskapsgrunnlag og behov for meir overvaking for å kunne vurdere miljøtilstanden og prioritere riktige tiltak.

- Behov for auka gjennomføring av miljøtiltak og betre samordning mellom kommunar, sektormyndigheiter og andre aktørar.

Hovudprioriteringar i økonomiplanperioden

- Følgje opp regional vassforvaltningsplan og tiltaksprogram, og bidra til gjennomføring av tiltak for å nå miljømåla etter vassforskrifta.
- Styrkje kunnskapsgrunnlaget gjennom målretta overvaking og kartlegging av vassførekomstar med mangelfullt eller usikkert kunnskapsgrunnlag.
- Leggje til rette for restaurering av vassdrag, mellom anna gjennom habitatforbetrande tiltak og utbetring av vandringshinder.
- Vidareføre det interkommunale samarbeidet og bidra til arbeidet med og oppfølginga av ny regional vassforvaltningsplan og tiltaksprogram for perioden 2028 til 2033.